



Årsrapport 2005

Innholdsliste

Føreord

0. Innleiing

1. Økonomiske rammer og administrative føringar

2. Sentrale politiske føringar

- 2.1. Modernisering av offentleg sektor
- 2.2. Samordning og rettleiing
- 2.3. Velferd, helse og personretta tenesteyting
- 2.4. Oppvekst og utdanning
- 2.5. Regional planlegging og arealpolitikk
- 2.6. Naturressursforvaltning
- 2.7. Informasjonsformidling og –forvaltning
- 2.8. Innovasjon og verdiskaping
- 2.9. Samfunnstryggleik og beredskap
- 2.10. Internasjonalt engasjement

3. Utdjupande skildring av resultatområde

- 3.1. Miljøverndepartementet. DN. SFT.
- 3.2. Landbruks- og matdepartementet
- 3.3. Barne- og familiedepartementet. Kyrkje- og kulturdepartementet.
- 3.4. Justisdepartementet. Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap.
- 3.5. Kommunal- og regionaldepartementet
- 3.6. Sosial- og helsedirektoratet
- 3.7. Utdannings- og forskingsdepartementet. Utdanningsdirektoratet

Føreord

Vi har hatt eit godt og spesielt arbeidsår. Det spesielle var at vi flytte frå fleire kontorbygg til eitt – flunkande nytt og moderne. Eit bygg som har vore planlagt i 10-15 år, og som vart flytta inn i 16 månader etter at klarsignalet kom.

Dette gjorde vi i ei tid der den regionale staten ikkje lenger er sjølvstendig. Det er heller ikkje administrasjonssenteret. Vi er det minste senteret i landet, men vi har eit bu- og arbeidsområde på nær 20.000. Med Statens hus har vi eit verktøy for å konkurrere med andre i ei regionaliseringstid. To skattekontor, Riksrevisjonen, Noreg.no og Fylkesmannen – til saman fem statlege organisasjonar flytta inn under same tak.

Vi representerer noko viktig: Vi har nærleik og lokalkunnskap. Sjølv om det er ei dagsreise t/r til nokre av kommunane, har vi likevel eit godt oversyn. Og vi kjenner kommunane. Vi kjenner innbyggjarane. Vi er nær deira utfordringar, vi lever med dei løysingar og tiltak som blir sett i verk. Nett nærleiken er eitt av dei viktigaste fortrinna til ein stat som blir skulda for både manglande lokalkunnskap og framandgjering. Innsikt og oversikt gir nettopp gode høve til å sjå kva som ligg her. Derfor går vi ei spennande tid i møte når ein ei ny forvaltningsreform nå blir drøfta.

For å redusere avstandsurempene våre, har vi medvite bygd oss opp til å vere gode på teknologi. Men vi er aldri i tvil om primær oppgåvene. Ei av dei viktigaste er rettstryggleik for innbyggjarane. Derfor held vi fristane våre, vi gjer oppgåvene snøgt og effektivt og med dyktige medarbeidarar. Resultata gir oss søknadsbunkar til å leve med og stabil kompetanse.

Med dette bygget fekk vi samla den statlege forvaltninga. Regionvegkontor og fylkeskommune er næraste naboar, Fylkestrygdekontor og Trygdeetatens økonomiteneste held til eit steinkast unna. Stutte avstandar, samlokalisering og utveksling av kompetanse gir oss gode rammer for arbeidet. Gode kommunikasjonsverktøy gir oss høve til snøgg og effektiv kontakt med omverda.

Vi tek mål av oss å utvikle moderne og framtidsretta leiarskap der vi hentar ut det beste frå dei ulike kulturane våre. Vi har tru på å skape eit vinnarlag ved symbiose - eit samliv alle dreg nytte av. Vi har alt etablert ein felles administrasjon for alle leigetakarane i huset.

Vi vil utvikle kreative, sjølvstendige og utviklingsorienterte medarbeidarar i ein felles kultur der vi gjensidig får ut effekt ved å kunne dra nytte av kvarandre. Derfor arbeidar vi nå i fellesskap med å legge innhald i omgrepet ”lærande organisasjon”.

Vi har hatt eit godt arbeidsår og sit nå med rammer for å kunne gjere enda betre arbeid for fylket.

Leikanger, 28. februar 2006

Oddvar Flæte

0. Innleiing

Årsrapporten oppsummerer og vurderer resultat i høve tildelingsbrevet frå Moderniseringsdepartementet (MOD) for 2005 og embetet sine planar for 2005.

I 2005 fokuserte vi følgjande innsatsområde i verksemdsplanen:

- embetet som ressurs for kommunar og brukarar
- embetet som medspelar i høve kommunal modernisering og regional utvikling
- embetet som leiande innan IKT i offentleg forvaltning
- embetet sitt arbeid med tilstandsanalysar

På bakgrunn av dei overordna føringane vart det organisert tverrgående embetsprosjekt som resulterte i:

Nytt hus – ny forvaltning: Dette prosjektet vart organisert som tre delprosjekt:

Elektronisk arkiv og dokumentflyt: FM i Sogn og Fjordane går over til fullelektronisk arkiv i løpet av mars 2006. I samband med dette er det arbeidd med tilpassing og kvalitetssikring av rutinar og arbeidsmetodar.

Felles tenestesenter: Hovudfokus har vore oppgåveløysing, sikring av kontinuiteten i sakshandsaminga og styrking av fagmiljøa. Endra organisering av administrasjonsavdelinga skal sikra større fleksibilitet både i høve tenester internt og oppdrag eksternt. Vi konkluderte med at det ikkje var rett å etablere eit eige tenestesenter.

Interaktiv tilskotsforvaltning: Vi har sett på tekniske løysingar. Det er ikkje utført arbeid her då dette er ei stor arbeidsoppgåve som vi ikkje har hatt resursar til å løyse i organisasjonen. I 2006 vurderer vi det sentrale arbeidet kombinert med vår kompetanse.

GIS/areal- og miljødokumentasjon: Det er utarbeidd felles GIS-plan. Arbeidet med utvikling av Fylkesatlas (felles kartportal saman med fylkeskommunen) må halde fram. Av framtidige samarbeidsoppgåver, peikar plandata seg ut. Dette skal løysast i samarbeid med kommunane.

Kommunedialog: Fokus har vore betra intern samhandling og samarbeid i det kommuneretta arbeidet, evaluering og forbetring av kommunebesøka og utvikling av tilstandsanalyse som verktøy i kommunedialogen. Dette har gitt gode resultat.

Kort om viktige utviklingstrekk og utfordringar i fylket

Folketalet

I 2005 minka folketalet i Sogn og Fjordane med 382 personar. 1. jan. 2006 budde det 106.650 personar i fylket. Ikkje sidan 1992 har folketalet vore under 107.000 ved årsskiftet. Berre 8 kommunar av 26 hadde auke i folketalet i 2005, sjølv om 14 kommunar hadde fødselsoverskot. By/tettstad-kommunane Florø, Førde, Sogndal samt Eid stod for 75 % av veksten i dei 8 kommunane med folketalsvekst. Florø, den største kommunen i fylket, med 11.364 innbyggjarar, hadde ein høvesvis liten auke i folketilveksten med 46 innbyggjarar (og ei netto utflytting på 33), medan Sogndal auka med 42, og Førde og Eid med høvesvis 176 og

35. Det var netto utflytting frå 17 av kommunane og frå fylket som heilskap (- 731 personar). Elles merkar vi oss at Solund har hatt auke i folketalet med 2 personar i 2005.

Frå 1. januar 2004 til 1. januar 2006 har folketalet i Sogn og Fjordane gått attende med 596 personar. Vi finn denne nedgangen urovekkande, men det er ei krevjande utfordring å finne fram til eigna mottiltak for å møte denne negative utviklinga som no har gått over fleire år. Samanlikna med dei andre fylka er det berre Sogn og Fjordane, Finnmark og Nordland som har hatt nedgang i folketalet i denne perioden. Finnmark med 815 personar og Nordland med 1204 personar.

I eit grisgrendt fylke som Sogn og Fjordane med ein høvesvis stor del med sysselsette innan industri og landbruk, får vi ein dobbel negativ effekt: Strukturell nedgang av primær- og sekundærnæringane og for små sentra til å ta del i veksten innan dei tenesteytande næringane.

Folketalsutviklinga blir sjølvforsterkande og gir negative føringar til dei som bur der. Det er behov for ein nasjonal politikk som tek inn over seg desse endringane slik at landet kan utnyttast best mogeleg.

Sysselsettinga

Arbeidsløysa var på 2,0 % i fylket ved årsskiftet. Kommunane med minst arbeidsløysa ved årsskiftet var Balestrand 0,8 %, og Vik og Årdal – begge 1,0 %. Solund og Selje hadde størst arbeidsløysa med høvesvis 4,6 og 3,6 %. Gjennomsnittleg arbeidsløysa for 2005 var 2,5 %.

Aetat skriv ved årsskiftet m.a. følgjande om sysselsettinga på sine nettsider:

” Ved utgangen av desember var det 1080 personar heilt utan arbeid her i fylket. Dette er ein reduksjon på 419, eller 28 prosent, frå desember i fjor. Nedgangen i arbeidsløysa har forsterka seg kraftig mot slutten av året, seier fylkesarbeidssjef Frode Henden. Vi går inn i det nye året med den lågaste arbeidsløysa sidan hausten 2002, og vi trur at denne nedgangen vil halde fram i 2006, seier fylkesarbeidssjefen.”

Berre Aust-Agder hadde større nedgang enn Sogn og Fjordane, og med 2,0 prosent arbeidsløysa er det ingen andre fylke som ligg like lågt. Mange kommunar er inne i/må gjennom store omstillingar i arbeidslivet. Størst er utfordringa i Årdal og i fleire av kystkommunane.

Trass i at fylket vårt kjem ut med låg arbeidsløysa, viser tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) at prosentdelen sysselsette personar i gruppa 25-39 her i fylket år har gått attende frå 86,1% i 2002 til 84,4 % i 2004. For aldersgruppa 40-54 var tala høvesvis 89,0 % og 87,9 %. Samstundes veit vi at det er innafor denne aldersgruppane at vi finn den største utflyttinga frå Sogn og Fjordane. Tal frå 2004 syner at 58,5% av dei (1573) som flytta var mellom 20–39 år. Det er ingen grunn til å tru at dette biletet har endra seg vesentleg i 2005. Den største utflyttinga frå Sogn og Fjordane skjer mot dei største byane – Bergen og Oslo.

Den låge arbeidsløysa tildekkar to alvorlege problem: Den strukturelle endringa i arbeidslivet kombinert med at talet på arbeidsplassar går tilbake. Omlegginga gjer at vi finn mangel på personell i deler av næringslivet. Dette gjeld særleg innan verkstadsindustrien og tekniske støttefunksjonar. Samstundes reiser personar som blir ledige frå fylket og skaffar seg arbeid andre stader.

Men på andre område finn vi god tilgang på arbeidskraft. Det gjeld t.d. akademikarar som blir rekruttert til offentlege verksemdar.

Det blir derfor feil å fokusere på låg arbeidsløyse. Det er endringa i talet på arbeidsplassar og kva arbeidsplassane inneheld som er det sentrale. Det langsiktige bildet syner at landbruk og industri blir redusert, medan offentleg teneste verksemd og private tenesteytingar er i langsam vekst.

Det blir ei vurderingssak om fylket her har ei strukturell krise eller om dette ei større omlegging.

Kommuneøkonomien

Framleis ligg vi i landstoppen med 12 av 26 kommunar er i ROBEK (Register om betinget godkjenning og kontroll). Mange slit med store underskot som har bygd seg opp over tid, og mange også med å få budsjett og økonomiplan i balanse. ROBEK-kommunane får berre lån til sjølvfinansierande prosjekt og der det er gitt pålegg om utbetring frå tilsynsmyndigheit.

Skjønnsmidlane er i stor grad nødvendige tilskot til budsjetta for å oppretthalde eit forsvarleg tenestetilbod. Vi greidde å halde av 5 mill. kr til fornyingsarbeid i 2006, ein auke frå 3 mill. kr i 2005 og 2 mill. kr i 2004. Ingen kommunar har vurdert kommunesamanslåing i 2005, men regionane utviklar stadig samarbeidet på fleire område. Det ser ut til at den økonomiske stoda har betra seg, og vi reknar med å melde fleire kommunar ut av ROBEK dei neste to åra.

Landbruk

Sogn og Fjordane er eit småbruksfylke og har større nedgang i tal landbruksbedrifter og jordbruksareal enn resten av landet. Av husdyrproduksjonane har vi markert nedgang i sauehaldet. Sjølv om det blir satsa på ny næringsutvikling i tillegg til effektivisering av volumproduksjonane, går sysselsetjinga på bygdene ned. Jamvel om variasjonen er stor, viser den nye bygdeanalysen vår at bygdene framleis taper terreng i kampen om å halda oppe busetjinga. Nye driftsmåtar og færre husdyr påverkar kulturlandskapet. Attgroing av landskap skapar store utfordringar i reiselivsfylket Sogn og Fjordane.

Helsetenestetilbodet

Helsetenesta i fylket har store rekrutteringsproblem når det gjeld legar. Det gjeld både innanfor fastlegeordninga og spesialisthelsetenesta. Trass monaleg aktivitet frå fleire partar, inkludert Fylkesmannen, har det ikkje lukkast å få til større interkommunale legevaktordningar. Når det gjeld spesialisthelsetenesta, er det framleis uro og uvisse kring framtida til lokalsjukehusa.

Miljøvern

Kommunane i Sogn og Fjordane har dei siste åra bygd ned kompetansen innan delar av miljøvernområdet. Samstundes har kommunane fått overført stadig fleire oppgåver, spesielt innan ureining, viltforvaltning og miljøinformasjon. Dette er ei aukande utfordring i ei tid då innbyggjarane stiller stadig større krav til saksbehandlninga. Det er gode døme på interkommunale løysingar innan avfall. Fylkesmannen har i ulike samanhengar peikt på at kommunane også bør vurdere slike løysingar innan andre delar av miljøvernområdet.

Fylkesmannen har elles i 2005 hatt størst fokus og innsats på oppfølging av vernesaker (nasjonalparkplanen, verneplan for edellauvskog), strandsoneforvaltning, tilsyn på ureiningsområdet, miljøinformasjon og utrydding av lakseparasitten i Lærdal).

Utdanning og barnehage

Det gode samarbeidet ein har mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane, kommunane og FM vart vidareutvikla i 2005. Også fylkeskommunen, KS og Utdanningsforbundet deltek aktivt i det strategiske planarbeidet. Grunnskuleelvene frå Sogn og Fjordane presterer best i landet til eksamen.

Det nasjonale målet om barnehageplass til alle som ønskjer det, er i hovudsak nådd i 2005. Det er likevel stor usikkerheit knytt til tal søknader i åra framover ved innføring av senka maks-pris på foreldrebetaling.

1. Økonomiske rammer og administrative føringar**Tabell 1. Oversikt over finansiering og sektorplassering av tal årsverk 2005**

Tal årsverk (oktober 2005)	Kap. 1510	Eksternt finans, overhead	Totale årsverk
Leiing (fylkesmann og ass. fylkesmann)	2,0		2,0
Administrasjon (henta i frå tabell 2)	13,7	7,7	21,4
Fagoppgåver pr. sektor:			
Barne- og familiedepartementet	2,5		2,5
Helse- og omsorgsdepartementet	9,9	3,0	12,9
Landbruksdepartementet	23,2	1,9	25,1
Miljøverndepartementet	15,8	2,0	17,8
Justis- og politidepartementet	8,5	1,0	9,5
Kommunal- og regionaldepartementet	1,8	0,8	2,6
Utdannings- og forskingsdepartementet	5,5	1,0	6,5
Andre *	5,5		5,5
Sum	88,4	17,4	105,8

* Gjeld prosjektstillingar og 3 årsverk knytt til Fylkesmennenes trippelnett.

Norge.no vart skild ut som eigen etat frå 1. januar 2005. Tal tilsette er difor redusert med om lag 14 årsverk frå 2004 til 2005. Utover dette er tal tilsette i embetet nær uendra.

Tabell 2. Oversikt over støttefunksjonar 2005, fordeling på fagområde

Tal årsverk (administrasjon og drift)	Kap. 1510	Eksternt finans, overhead	Totale årsverk
Leiing	1,0		1,0
Arkiv	3,1	1,5	4,6
Økonomi/rekneskap	1,0	0,5	1,5
IKT	2,5	2,0	4,5
Informasjon m.v.	0,5	0,3	0,8
Personal	1,3	0,7	2,0
Forværelse/post	1,5	0,5	2,0
Andre (kantine – reinhald)	2,8	2,2	5,0
Sum **	13,7	7,7	21,4

** I tillegg har skatteetaten 7 årsverk i den felles administrasjonen.

Ved innflyttinga i Statens hus Sogn og Fjordane i mai 2005, vart det meste av administrasjons- og driftsressursane for etatane i huset samla i ein felles

administrasjonsavdeling. Medrekna 3,5 årsverk ved landbruksavdelinga i Førde, utgjer den felles administrasjonen 21,4 årsverk pluss dei 7 årsverka frå skatteetaten.

Norge.no kjøper administrative tenester frå den felles administrasjonen. Saman med overhead frå 9,7 årsverk som er finansiert over andre kapittel, og saman med driftsstillingane, er 7,7 årsverk i administrasjonen finansiert utanom det ordinære budsjettet.

Tabell 3. Oversikt over einskilde aktivitetar i 2005

	Tal saker/ bilag 2004	Tal saker/ bilag 2005
Arkiv		
Tal registrert nye saker	7.567	7.527
Tal dokumenter registrert	25.602	25.449
Økonomi / rekneskap		
Tal rekneskapsbilag totalt (Agresso, SLP og Saturn)	13.082	12.280

Sakstal og rekneskapsbilag er ført inn også for det førre året. Tal nye saker og tal dokument er nokså stabilt, medan tal rekneskapsbilag viser ein nedgang på 6,5 % i høve til 2004.

Tabell 4. Rekneskap for 2005

	Summar per 31.12.2005
Underpost	
Sum løn og godtgjersle	41 288 169
Sum varer og tenester	21 544 849
Sum løn og godtgj./varer og tenester	62 833 018
Sum tildeling/ inntekter	63 080 696
Overført	247 678

Det har vore stram økonomistyring i 2005. Det vart overført kr 460' frå 2004 til 2005. Sjølv om vi overfører kr 247' til nytt år, betyr dette at resultatet for 2005 er minus kr 213'.

Inntekts- og utgiftsramma for 2005 viser ein auke på ca 4,2 mill kroner i forhold til budsjett 2005.

Auken i inntekter skriv seg frå auke i tildelinga/ lønnsoppgjjer, lønnsrefusjon, auke i overhead frå diverse prosjekt og andre kap.

På grunn av fellesadministrasjonen, vart det også tilført overhead frå skatteetatane i samband med stillingane som vart lagd til fellesadministrasjonen.

På utgiftssida er det auke i lønsutgifter som følgje av lønsoppgjjeret, større investeringar i maskiner, inventar, utstyr og anna driftsmateriell, samt auka husleige p.g.a. flytting til nytt Statens hus

Likestilling

Vi viser til resultatområde 3.8. når det gjeld interne tiltak og at vi er eksternt medverkande i eit NHO-program for å få fleire kvinner inn i styra i bedriftene.

Grøn stat

Grøn stat-arbeidet ved embetet har fokus på alternativ bruk av konferansar/møte, energibruk, avfall og gjenvinning, reiser og transport. Det er også utarbeidd retningsliner og informasjon om dette arbeidet ved embetet.

Geografiske informasjonssystem

I tildelingsbrevet frå MOD går det fram at departementet vil syte for at embeta skal ha lik tilgang til grunnkart og temakart, gjennom t.d. medlemskap i Norge Digitalt. Det er viktig at kart vert gjort tilgjengeleg for publikum, næringsliv og kommunar, fortrinnsvis på elektronisk format, t.d. via fylkesmannen.no. Ei felles løysing for alle embeta vil bli vurdert.

I embetet har vi lagt vekt på å gjere digitale kart lett tilgjengelege for alle tilsette gjennom arbeidet med oppbygginga av kartportalen Fylkesatlas, (<http://www.fylkeatlas.no>). Dette arbeidet er utført gjennom embetsprosjektet GIS /areal og miljødokumentasjon og i samarbeid med fylkeskommunen. Fylkesatlas er Internett-basert og er såleis også ei svært god teneste også for publikum. Arbeidet med forbetring av Fylkesatlas held fram i 2006.

Ved utgangen av 2005 er arbeidet med Norge Digitalt ikkje kome i gang her i fylket. Statens Kartverk styrer denne prosessen.

2. Sentrale politiske føringar

2.1. Modernisering av offentleg sektor

Fylkesmannen gjennomfører til 2005 og 2006 prosjektet Ny forvaltning – interaktiv saksbehandling mellom forvaltningsnivå og næringsliv/publikum med desse delprosjekta:

Elektronisk saksbehandling av søknader og vedtak om fri rettshjelp og elektronisk dokumentutveksling mellom forvaltningsnivå. I fri rettshjelp-prosjektet er skjemaløysinga ferdig utvikla, og vert i første omgang testa mot advokatkontor i Sogn og Fjordane. I neste fase (våren 2006) kan løysinga takast i bruk i andre fylke. I 2005 har vi testa elektronisk dokumentutveksling med verksemdssignatur mot tre kommunar. Prosjektet vil bli utvida med fleire saksfelt mot fleire etatar i 2006. Sentrale mål i prosjektet er enklare saksbehandling og ein sikrere og meir effektiv saksflyt med betre service til brukarane. Vidare vil ein oppnå erfaringar med PKI og å bidra til utvikling av rutinar, dokumentasjon og standardar for elektronisk dokumentutveksling.

Vi har i 2005 hatt særleg merksemd på arbeidet med omstilling og modernisering i kommunesektoren. Viktige verkemiddel har vore nettverk og samlingar knytt til temaet, rettleiing og formidling og støtte til kommunale omstillings- og utviklingsprosjekt gjennom dei ordinære skjønsmidlane. I 2005 vart tildelt om lag 3 mill. kr. til 19 kommunale prosjekt. Kommunekonferansen i mai og rådmannssamlinga vi arrangerte saman med KS i november, vart brukt til å formidle erfaringar og resultat frå fleire av prosjekta. Vi har også arbeidd med formidling via Internett (www.fylkesmannen.no/moderniseringsfj) og avisa "Omstillingsnytt". Vår erfaring er at mange kommunar jobbar godt med å utvikle styringssystem, effektivisere drifta og forbetre tenestene.

Fylkesmannen har skrive samarbeidsavtale med KS for Effektiviseringsnettverka. Vi deltek med økonomirådgevar og leiarar/rådgevarar frå aktuelle fagavdelingar på samlingar i dei tre effektiviseringsnettverka som har deltakarkommunar frå Sogn og Fjordane. Fylkesmannen har

også delteke i prosjektet "Framtidas kommunestruktur" og på møte i Stifinnarprosjektet som Sogndal kommune deltek i.

Fylkesmannen har ved oppfølging av kommunane lagt vekt på å koordinera arbeidet med Landbruk Pluss. Både Bygdeutviklingsprogrammet vårt og prosjektet Moderne klyngetun er tiltak retta direkte mot ny næringsaktivitet og attraktive buplassar i bygdene.

2.2. Samordning og rettleiing

Det er ei stor utfordring å samordne oppgåver og aktivitet i høve til kommunane, både internt i embetet og ikkje minst i mellom dei mange og ulike statlege etatane, som for ein del er organisert i ulike regionar. Vi har ei statleg leiargruppe i fylket som møttest to gonger i året, der 19 statlege etatssjefar og KS-leiaren i tillegg til fylkesmannen er medlemmer. Fleire av leiarane har regionalt ansvar. Det byr på særlege utfordringar.

Det har vore retta stor merksemd og brukt mykje ressursar på kommuneretta verksemd i 2005. Sogn og Fjordane hadde i starten av året 13 kommunar i ROBEK. I løpet av året er to kommunar utmeldt og ein meldt inn. Status er 12 av 26 kommunar i registeret. Dette medfører eit stort behov for oppfølging og støtte i arbeidet med omstilling. Vi har lagt vekt på oppfølging, rettleiing og formidling. Mange kommunar i ROBEK gjer at vi må prioritere, og vi har brukt mest ressursar på dei som slit tyngst. Vi har hatt fleire møte i løpet av året med desse kommunane det vi har sett fokus på status og arbeid med forpliktande plan. Dei aller fleste ROBEK- kommunane har rapportert status enten månadsvis eller kvartalsvis til Fylkesmannen.

Vi har gitt støtte til kommunale omstillingsprosjekt gjennom skjønsmidlane. Vidare har vi arbeid med kommunale læringsnettverk og dermed etablert gode arenaer for erfaringsutveksling. Vi har samarbeidd med KS i deira arbeid med effektiviseringsnettverka i fylket, m.a. med presentasjon av Kostra-data.

Vi har vidareført arbeidet med eit internt tilsynsnettverk for å samordne og forbetre tilsynsarbeidet vårt i høve kommunane. Det har vore to nettverkssamlingar for alle på embetet som arbeider med tilsyn. På begge samlingane deltok Mattilsynet og Arbeidstilsynet. Alle tilsynsrapportar vert lagt ut på ein felles nettstad på våre heimesider.

Fylkesmannen utarbeidde i fjor ein tilstandsanalyse for kommunane i Sogn og Fjordane. Analysen syner status og utviklingstrekk for grunnleggjande kommunale tenester og tilhøve. Dette var andre året vi la fram denne type analyse. Vi får positive tilbakemeldingar frå kommunane, og har god nytte av analysen internt og ynskjer difor å utvikle dette verktøyet vidare.

I 2005 gjennomførte vi 8 felles kommunebesøk, der vi møtte politisk og administrativ leiing i kommunane. I desse besøka deltek fylkesmannen eller assisterande fylkesmann, til vanleg ein av økonomirådgjevarane og leiarar frå fagavdelingane ut frå kva tema som vert drøfta. Dagsorden vert sett i samarbeid mellom Fylkesmannen og kommunen. Det er eit mål å besøke alle kommunane i løpet av ein valperiode. Besøka er ein viktig arena for dialog mellom Fylkesmannen og kommunane. Innleiingsvis på møta vert det presentert eit kommunebilete med fokus på tema og utfordringar som er relevante for den aktuelle kommunen. Eitt av embetsprosjekta i 2005 var kommunedialog der vi m.a. sette søkelyset på forbetring av kommunebesøka. Resultat av dette arbeidet er innarbeidd i komande kommunebesøka.

Fylkesmannen arrangerte ein 2-dagars konferanse for alle kommunane i samband med kommuneproposisjonen. Vi arrangerte ei todagars samling for alle rådmenn i november med fokus på styringssystem. I tillegg har fagavdelingane hatt fleire ulike konferansar og fagsamlingar, opplæringstiltak og nettverksmøte. Desse er nærare omtala under pkt. 3.

Vi samarbeidar med fylkeskommunen i fylkesplanarbeidet og i diverse prosjekt. Fylkesmannen og assisterande fylkesmann har jamlege møte med fylkesordførar og fylkesrådmann. Assisterande fylkesmann er deltakar i arbeidsutvalet for Fylkesplanforum.

Heimesida vår skal vere ein viktig og nyttig informasjonskanal for kommunane og andre.

2.3. Velferd, helse og personretta tenesteyting

Fylkesmannen og Helsetilsynet i Sogn og Fjordane har oppfylt volumkravet til tilsyn med helse- og sosialtenestene i fylket. I det ligg og deltaking i landsomfattande tilsyn og tilsyn med rettstryggleiken ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personar med psykisk utviklingshemming. Det har vore gjennomført felles tilsyn med kommunale helse- og sosialtenester til brukarar med langvarige og samansette behov utanfor institusjon. Der det har vore mogeleg er det nytta felles tilsynsmetodikk (systemrevisjon).

Opptrappingsplanen for psykisk helse er følgd opp i samsvar med oppdraget frå Sosial- og helsedirektoratet. Det same gjeld arbeidet med å overvake og iverksetje rekrutteringsplanen for helse- og sosialpersonell.

Sogn og Fjordane fylkeskommune vart i 2004 peika ut til å vere eit av dei såkalla ”fyrtårnfylka” i folkehelsearbeid og har ved utgangen av 2005 inngått partnerskap med 14 av 26 kommunar. Folkehelsearbeidet i fylket er forankra i fylkesplanen for 2005 – 2008. Fylkesmannen har vore ein aktiv medspelar og pådrivar i dette arbeidet og har leia gruppa som utarbeidde folkehelse rapporten i planen. Når det gjeld områda fysisk aktivitet og måltider i skulen, har Fylkesmannen følgd opp aktiviteten i samsvar med føringane frå Sosial- og helsedirektoratet.

Tilsynet med barnevernet er gjennomført i samsvar med oppdraget frå Barne- og familiedepartementet.

2.4. Oppvekst og utdanning

Barn og unges oppvekst

I 2005 vart det gjennomført eit internt prosjekt i embetet med fire prosjektdeltakarar som dekte områda skule, barnehage, barnevern og helse. Prosjektrapporten gjer framlegg om ein rekke tiltak internt og eksternt.

Vidareutvikling av samarbeidet mellom aktuelle tenester på kommunalt nivå vart teke opp i to av kommunebesøka som gjekk i regi av Fylkesmannen. Det er planlagt ein mykje tyngre aktivitet på dette området i 2006.

Barnehage

Det nasjonale målet om barnehageplass til alle som ønsker det ser ut til i alt det vesentlege å vere nådd i 2005. Det er likevel stor uvisse knytt til tal søknader i åra framover ved innføring av senka maks-pris på foreldrebetaling. Fleire kommunar melder om auke i tal søknader når foreldrebetalinga går ned. Nokre kommunar melder igjen at dei difor kan få ventelister.

Pr. 31.desember 2005 var barnehagedekninga i fylket som følgjer:

- 1 åringar: 34% , 2 åringar: 64% , 3 åringar: 90,5% , 4 åringar: 93,3% , 5 åringar: 94,7%

Dekningsgraden for barn i aldersgruppa 3-5 år varierer frå 100% dekning i Aurland kommune til 82,3% dekning i Eid kommune for same aldersgruppa.

Opplæring

Det er gjennomført eit omfattande arbeid i forhold til dei oppsette oppdraga, som var knytt til spesialundervisning, system for vurdering og § 8-2 i opplæringslova om gruppestorleik. Arbeidet skjedde dels gjennom tilsyns- og klagebehandling, jf resultatområde 31 og dels gjennom rettleiing og utviklingsarbeid, jf resultatområde 37.2 (kap 226.21). Vi vil særleg nemne at utvikling av kvalitetssystem på skule- og skuleeigarnivå var eit hovudtema på skuleleiarkonferansen i oktober som samla ca 180 rektorar og representantar for skuleeigarane. Praktisk talt alle skular var representerte. Konferansen er eit samarbeid mellom Fylkesmannen, KS og Utdanningsforbundet.

I forhold til kompetanseutviklinga knytt til Kunnskapsløftet, har Fylkesmannen lagt til rette for erfaringsutveksling mellom kommunane og samhandling med høgskulen. Strategiane blir drøfta i Forum for skule- og barnehageutvikling der alle dei viktige aktørane er med. Alle kommunale planar er lagt ut på vår heimeside(<http://www.fylkesmannen.no/sfj/utdanning>). Alle kommunane sende inn plan og fekk utbetalt tilskotet. Sjå elles resultatområde 33.2

Utdanningsavdelinga har lagt ned eit omfattande arbeid i forhold til nye læreplanar. Dette gjeld særleg informasjon, oppsummering av høyringsfråsegner, etablering av faggrupper og referansegrupper, konferansar og implementering. Det er og ein fagperson på avdelinga som har delteke i det avsluttande arbeidet på sentralt hald i regi av Utdanningsdirektoratet. Sjå elles resultatområde 37.2

2.5. Regional planlegging og arealpolitikk

Fylkesmannen har i 2005 handsama 496 saker etter plan- og bygningslova. Vi har i denne perioden nytta motsegn mot 15 planutkast og påklaga 11 saker, av desse 7 som gjeld dispensasjonsvedtak frå § 17-2. Dei aller fleste motsegnene og klagen gjeld tiltak i strandsona.

Vi formidlar aktivt nasjonal arealpolitikk, og nyttar motsegner og klager mot dei mest alvorlege tilfella. Dei fleste konflikttema vert avklart gjennom synfaring og eventuelt mekling. For første gong sidan 1997 har Miljøverndepartementet fått til handsaming motsegn-saker frå miljøvernavingdelinga. Fem motsegn-saker vart slutthandsama i Miljøvern-departementet i 2005. Departementet støtta miljøvernavingdelinga fullt ut i tre av sakene og gav delvis støtte i ei sak. I ei sak vart motsegna ikkje teken til følgje.

Vi fokuserer også på å formidle gode planprinsipp på fagsamlingar og i samband med kommunebesøk. Dei rikspolitiske retningslinjene vert aktivt nytta ved formidling av nasjonal arealpolitikk, likeeins miljødata som i stor grad er allment tilgjengelege over Internett (Miljøstatus, Fylkesatlas og fylkesmannen.no). Vidare brukar vi fylkesplanen sine signal og retningsliner aktivt når vi gjer innspel til plan- og dispensasjonssakene.

Fylkesmannen deltek aktivt i fylkesplanarbeidet 2005-08. Vi har deltakarar i 4 arbeidsgrupper på innsatsområda ungdom, folkehelse, småskala næringar/bruk og vern og folkestyre/medverknad/offentleg verksemd. Assisterande fylkesmann er medlem av arbeidsutvalet for fylkesplanarbeidet, saman med fylkesrådmann og KS-leiar i fylket. Vi inngår partnerskapsavtalar og brukar t.d. folkehelsemidlar og bygdeutviklingsmidlar inn i fellesprosjekt med fylkeskommunen og andre aktørar i fylket. Dette har vi gode erfaringar med.

Fylkesmannen er ein aktiv deltakar i Planforum. Dette er ein nyttig møteplass for kommunar med planutkast, fylkeskommune og regionale sektorstyresmakter.

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med fylkeslandbruksstyret om arealpolitikken. Det har ikkje vore aktuelt med motsegn frå fylkeslandbruksstyret i 2005.

Jordvern har i 2005 vore sentralt tema i dialogen vår med kommunane. Kjerneområde Landbruk var tema på den årlege kommunekonferansen for ordførarar og rådmenn. Dessutan samla vi den same målgruppa saman med kommunale landbruks- og planfolk til fire ulike regionsamlingar om same tema. DVD-en "Areal – lokalt gull" og biletspelet frå Hordaland vart vist. Seinare vart alle kommunane inviterte til ei samordna oppstarting av arbeidet med registrering av Kjerneområde Landbruk. Som resultat har 8 kommunar starta opp med registreringsarbeidet og vi følgjer dei opp med fagleg støtte, informasjonsutveksling og felles samlingar.

2.6. Naturressursforvaltning

Det har også dette året vore stor innsats knytt til gjennomføring av nasjonalparkplanen og slutføring av dei fylkesvise verneplanane (verneplan for edellauvskog). Vidare har vi vore sterkt involvert i førebuinga og oppfølginga av vedtaket om verdsarvstatus for Vestnorsk fjordlandskap – delområde Nærøyfjorden. Det vart i samarbeid med Fylkesmannen i Oppland varsla oppstart for verneplan om konsekvensutgreiing for Breheimen-Mørkrisdalen. Etter initiativ frå grunneigarane vart Stølsheimen landskapsvernområde utvida med Finden og Finnafjorden. Vidare vart Luster vestre statsallmenning (barskog) verna, og det vart gjort vedtak om å opne for taretråling i 15 av sjøfuglreservata.

Som ledd i erstatningstingingane for myrreservata, er det i 2005 utarbeidd forvaltningsplanar for 17 av totalt 20 myrreservat.

I samarbeid med SNO (Statens naturoppsyn) og i nær kontakt med nasjonalparksentra og kommunane rundt Jostedalbreen nasjonalpark er det utvikla nye skiltmodular i eit eige skiltprosjekt. Dei første skilta skal plasserast ut i 2006.

Verneplanarbeid etter naturvernlova har framleis stor fokus hos Fylkesmannen, og det har vore eit godt samspel mellom dette arbeidet og det nyleg avslutta naturbruksprosjektet.

Vi har inntrykk at dei lokale prosessane for frivillig vern av skog har ein god framdrift. Fylkesmannen har berre vore mindre involvert i desse prosessane.

Fylkesmannen gjennomførte i samarbeid med SNO sjøfuglteljingar på kysten. Etter samanbrotet i sjøfuglkoloniane i 2004 har situasjonen i 2005 betra seg litt.

Vi har prioritert arbeidet med å hjelpe kommunane i sluttfasen av kartlegginga av biologisk mangfald i kommunane – m.a. gjeld dette digitalisering av områda.

Vi har ikkje hatt mykje kapasitet til generell stimulering av kommunane på miljøvernområdet, men det har vore arrangert faglege samlingar innan ureining og vilt. Det er starta førebuing av fleire samlingar for 2006 – m.a. som ledd i Regjeringa si auka satsing på lokalt miljøvern. Vi gjennomførte eit miniseminar om natur- og miljøvern for fylkes- og kommunepolitikarar.

Tiltak mot lakseparasitten *G. salaris* er gjennomført i Lærdal i 2005 og vil halde fram i 2006. Det er ei betydeleg utfordring å skaffe på plass tilstrekkeleg finansiering, og tiltakshavar har måtte sette i verk tiltaka utan at alle effektar fullt ut kan overvakast og evaluerast.

Problema i Indre Sogn kring tap av sau på beite pga jerv held fram. Fylkesmannen har også i 2005 vore liberal med å gje skadefellingsløyve på jerv. Samarbeidet mellom miljøvern- og landbruksavdelinga og lokalt mot sankelaga og kommunane fungerer godt. Totalt for fylket vart det i 2005 utbetalt kr.1.033.709 i erstatning for sau, lam og geit drepne av freda rovvilt.

Det vart felt 8942 hjort i Sogn og Fjordane i 2005. Dette er det beste resultatet nokon gong. For åttande året på rad er det såleis felt over 8000 hjort i fylket.

Samarbeidet med SNO har vore vidareutvikla. Spesielt gjeld dette samarbeidet på kysten og i dei nyoppretta verneområda i Nærøyfjord-området. Det etablerte samarbeidet på Jostedalsbreen/Jotunheimen/Utladalen held fram.

Tilsyn innan prioriterte ureiningsområde har hatt høg prioritet i 2005. Vi har delteke i dei landsomfattande aksjonane og gjennomført planlagt aktivitet.

Grovkarakterisering av vassførekomstar i samsvar med implementering av Vassrammedirektivet starta opp i 2005. Fylkesmannen er budd på og vil setje av ressursar til å vere regional vasstyresmakt. Mykje er framleis uavklart ved årsskiftet.

Det har vore ein stor pågang av søknader om bygging av småkraftverk. Fylkesmannen mottok 40 saker til handsaming i 2005.

Fylkesmannen har arbeidd aktivt med kulturlandskapsutfordringane i 2005. Arbeidet med Regionalt miljøprogram har gått greitt og opp mot tre fjerdedelar av bøndene søkte om tilskot etter ordninga. Alle kommunane har utarbeidd tiltaksstrategiar for SMIL-midlane, og vi er rimeleg nøgde med kommunane si handtering av ordninga. Kulturlandskapsgruppa er involvert i arbeidet.

I 2005 har Fylkesmannen hatt heiltidstilsett prosjektleiar som har arbeidd med prosjektet Opne landskap. I samarbeid med Vegvesenet, kommunar mfl. er vi i gang med utsiktsrydding langs vegar. Med dagens utvikling mot færre, større og meir rasjonelle gardsbruk, er utfordringane knytt til å halda ope kulturlandskapet svært store i eit fylke som vårt. Samtidig

er dei eit veksande politisk og ålment fokus på problema ”grøne tunnelar” og attgrodde landskap.

2.7. Informasjonsformidling og –forvaltning

Hovudmålet for informasjonsarbeidet i embetet er å bidra til openheit og innsyn i forvaltninga. Vi skal sikre publikum og andre målgrupper god service og reell tilgang til informasjon om rettar, plikter og moglegheiter. Heimesida vår er den viktigaste informasjonskanalen vår, og vi reknar målgruppa vår for å vere folk flest, kommunane, media, andre etatar, næringsliv og organisasjonar. Det er mogleg å abonnere på nyhende frå heimesida vår, og 125 personar har registrert seg som abonnentar. Mellom desse er mediaverksemdene i fylket, lokalpolitikarar, kommunetilsette, stortingsrepresentantar og folk flest. Vi fekk seks stjerner i kvalitetsvurderinga som Norge.no har gjort av offentlege nettstader. Treffstatistikken syner at heimesida vår i snitt har kring 18.000 treff i veka.

DN og SFT hadde styringsmøte med Fylkesmannen på miljøvernområdet i 2005, og vi fekk jamt over svært gode tilbakemeldingar på arbeidet vårt. Mellom anna fekk vi høyre at vi er blant dei beste i landet på oppdatering av Miljøstatus.

I 2005 hadde FMSF eit embetsprosjekt på GIS der vi tok i bruk Fylkesatlas og hadde interne kurs for våre sakshandsamarar. Dette har vore positivt og auka bruken av GIS på embete. I Fylkesatlas nyttar vi nasjonale datasett som er tilgjengeleggjort gjennom Norge digitalt som wms (Web Map Service) – tenester i tillegg til eigne kart-temalag. I 2006 skal Fylkesatlas også integrerast med Ephorte og det skal verte mogleg å kartfeste enkeltsaker.

2.8. Innovasjon og verdiskaping

2005 er første året med regional strategi for næringsutvikling utarbeidd av det regionale partnerskapet. Planleggingsgruppa har evaluert det første året, og er nøgd med resultatet. BU-midlane er den viktigaste reiskapen vår med tanke på nyskaping og samhandling. Søknadspågangen til tilretteleggingsmidlane er stor, og midlane vart i 2005 fordelt på 67 søknader. Detaljert rapport er sendt til Innovasjon Norge.

Verdiskapingsprogrammet for mat har effekt i fylket vårt. Fylkesmannen har arbeidd mykje med oppbygging av nettverk både for gardsmat- og bygdeturismeprodusentar. Av medlemmane i NBG-Vestlandet (ca.150) kjem om lag 110 frå fylket vårt. Rundt 20 produsentar frå fylket vårt deltek på Bondens Marked i Bergen og månadleg i Førde.

Inn på tunet/Grøn omsorg er næringar i vekst og tilbydarane har etablert seg som nettverksorganisasjon. Fylkesmannen spelar ein aktiv pådrivar- og rådgjevingsrolle, og rundt 60 bruk i fylket vårt har i dag tilbod på dette området.

Prøveprosjektet vårt med Kompetansestover (mininæringshagar) i bygdene har vore vellukka og er no evaluert av Vestlandsforskning. Meir enn 40 bedrifter og nærare 100 kunnskapsintensive arbeidsplassar er lokaliserte til dei 6 kompetansestovene. Fylkesmannen har i mange år vore aktive i oppbygginga av bærproduksjonen i fylket. Både bringebærproduksjonen (1500 tonn) og morellproduksjonen er i monaleg vekst. Den store utfordringa for bringebærproduksjonen er no å utnytta potensialet på konsummarknaden, i år

vart det levert 180 tonn. For morellproduksjonen ligg potensialet i å auka eksportkvantumet som i år var ca 50 tonn godt betalte kvalitetsbær frå fylket vårt.

Arbeidet vårt med Bygdeutviklingsprogrammet og Naturbruksprosjektet (avslutta i 2005) legg vekt på lokalsamfunnsutvikling, næringsutvikling og entreprenørskap, og gjev både direkte og indirekte resultat i form av innovasjon og nyskaping i mange bygder.

2.9. Samfunnstryggleik og beredskap

Ekstremveret "Loke" i midten av november sette både regionale og kommunale styresmakter si evne til å handtere ein vanskeleg situasjon på prøve. Fylkesberedskapsrådet vart aktivt brukt som arena for koordinering av innsats og utveksling av informasjon. Dette fungerte svært tilfredsstillande og Fylkesmannen ønskjer å bruke rådet aktivt ved seinare hendingar.

Hendingane synte at det er behov for avklaringar og grensedragingar m.o.t. ansvar og oppfølging, både mellom statlege/regionale etatar og mellom desse og kommunane. Fylkesmannen vil følgje dette opp vidare i 2006.

Alle kommunane i fylket med unntak av 2 har ferdige beredskapsplanar for helse- og sosialtenesta. Dei to kommunane som ikkje er ferdige, er godt i gong med arbeidet og vi har fått melding om at planane vil vere ferdig i byrjinga av 2006.

Når det gjeld oppfølging av innhaldet i planverket, har beredskapsseksjonen i samarbeid med helseseksjonen hatt øvingar i fem kommunar der scenarioet var brann og evakuering av sjukeheim. Gjennom ei slik øving får kommunane aktivt brukt og testa både planverket og kriseleinga. Både erfaringane og tilbakemeldingane frå kommunane har vore særst gode. Fylkesmannen og kommunane sjølve har fått ei felles forståing for styrkar og forbedringsområde i planverket. Øvingane i 2005 har synt at kommunane har gode planar, og det har berre vore behov for mindre justeringar. Etter ei slik øving har kommunane eit anna utgangspunkt og motivasjon for sjølve å ta tak i det som må forberast i planane enn om manglar vart påpeikte i ein rein gjennomgang av planverket. Vi vil i 2006 halde fram med og vidareutvikle dette øvingskonseptet.

2.10. Internasjonalt engasjement

Fylkesmannen deltek i EU-programmet eContent og prosjektet EUROTRAVEL, <http://www.ec-eurotravel.org/faq.htm>. Fylkesmannen har det administrative ansvaret i prosjektet, og samarbeider med regionen Lombardia i Italia, Vestlandsforskning (N), Tele Atlas (NL), WIND, RIBES og NetXcalibur (I) om å få tilgang til stadfesta informasjon via mobilt Internet. Bruk av kart og posisjonering i forhold til informasjon er sentrale tema. Prosjektet kjem med dei første resultatane i juni 2006.

Fylkesmannen har det siste året vore med å lagt til rette for ein samarbeidsavtale mellom Sogn og Fjordane og Nord-Skottland. Dette samarbeidet er no forankra i fylkeskommunen gjennom fylkesplanarbeidet, og avtalen var undertekna den 5. desember -05. Samarbeidet har pågått meir eller mindre sidan 1996 med fokus på vårt bygdeutviklingsarbeid. Etterkvart har det vorte mange knoppskytingar, og vi meiner at ein formell samarbeidsavtale med Nord-Skottland gir oss høve til eit meir langsiktig og forpliktande samarbeid med regionen på andre sida av Nordsjøen. I første omgang har vi inngått eit samarbeid saman med eit LEADER + programmet frå skotsk side og som varar fram til mars 2007. Samarbeidet er i tillegg blitt

forankra ute i kommunane og bygdelaga. Dette er vesentleg for å kunne få gjennomført konkrete tiltak, og det samsvarar også med dei bygdeutviklingsprosessane vi har brukt i vårt arbeid.

3. Utdjupande skildring av resultatområde

3.1. Miljøverndepartementet. DN. SFT.

Embetsoppdraga frå DN og SFT er så omfattande og detaljerte, også m.o.t. rapportering, at det vert vist til den endelege årsrapporten som er sendt direkte til DN og SFT. Vi viser også til innsendt halvårsrapportering pr.01.09.2005.

3.2. Landbruks- og matdepartementet

Resultatområde 21: Landbruksbasert næringsutvikling

Resultatområde 21.1: Jordbruk

Innan mjølkeproduksjonen er det stor interesse for samarbeid og samdrift, mest motivert ut frå ynsket om meir ordna fritid og betre økonomi. Dei aller fleste av mjølkebruka her i fylket er for små til å makte investering i nye driftsbygning på eiga hand. I småfehaldet er vi bekymra over nedgangen i tal sau. Dette er svært uheldig i eit tid med attgroing av kulturlandskap og beiteområde. Sau og lam på utmarksbeite gjekk ned frå ca 222 000 dyr i 2004 til 215 000 i 2005. Indre deler av Sogn har vore sterkt plaga med freda rovvilt (jerv) i 2005, og med lammetap opp mot 30 % for enkelte bruk. Vestlandet skal i følge rovviltplanen ikkje ha ynglande par av rovvilt, men det syner seg vanskeleg å kontrollere stammen i dette til dels ulendte fjellområdet.

Det skjer ei strukturendring og effektivisering innan frukt og bær, med færre bruk og større areal, men det totale produksjonsvolumet held same nivå. Vi har ei gledeleg utvikling innan morellproduksjonen med ein auke frå ca 55 til 85 tonn bær, og det aller meste hadde slik kvalitet at det kunne eksporterast.

Resultatområde 21.2: Skogbruk

Vi har eit godt samarbeid med Skogeigarlaget for å gjennomføre skogpolitikken og utnytte skog- og utmarksressursane. Den registrerte hogsten gjennom offisielle omsetjingskanalar var ca 55 000 m³ - litt under nivået i 2004. I tillegg blir det truleg omsett ca 50 000 m³ til ved, og vi merka gledeleg nok også interesse for andre typar bioenergi. Skogbruket blir stadig meir profesjonalsert og entreprenørar står for kring 75 % av hogsten, og moderne taubaner tok ut nesten 25 000 m³. Omfanget av planting og skogkultur gjekk ned også i 2005, særleg nyplanting - frå 785 til ca 630 daa. Siste åra har areal med nyplanting vore mindre enn det avverka arealet.

Resultatområde 21.3: Bygde- og næringsutvikling

Hausten 2004 utarbeidde vi ein ny samla strategi for landbruksrelatert næringsutvikling, og der Fylkesmannen fekk ansvar for koordinering på fylkesnivå. Vi fekk tildelt 6,3 mill kr til modernisering av mjølkeproduksjonen, 20,1 mill kr. til andre BU-tiltak og rentestøtte til låneramme på 57,8 mill kr. 5,4 mill kr vart sett av til generelle utviklingstiltak og forvalta av Fylkesmannen, og resten til bedriftsretta tiltak forvalta av Innovasjon Norge.

Fylkesmannen har i 2004 støtta 67 prosjekt med generelle utviklingstiltak, om lag jamt fordelt mellom innsatsområda *bygdemobilisering, tradisjonelt landbruk i omstilling, nye næringar, næringskombinasjonar og andre tiltak*. Midlane er forvalta etter drøftingsmøte med faglaga.

I 2005 gjennomførte vi den tredje *Bygdeanalysen* der vi analyserte utviklinga på bygdenivå ved å dele fylket inn i 132 geografisk definerte bygder. I mange bygder er det tilbakegang i folketal, tal unge, tal kvinner i forhold til menn og tal bønder. Men det er relativt betre balanse mellom kvinner og menn enn det var for 10 år sidan, og det er fleire barn under 16 år. Vi ser også at utviklinga varierer mellom bygdelaga. Det synest å vere lettare å skape positiv utvikling i bygder som har delteke i diverse utviklingsprosjekt, enn i andre tilsvarande bygder.

I 2005 fullførte vi *Naturbruksprosjektet* og *Klyngetunprosjektet*. Det første fokuserer næringsutvikling i bygder ved store verneområde og det andre har fokus på gardstun som buplass for fleire enn bønder. Det ligg før eigne prosjektrapportar.

Dei bedriftsretta BU-midlane er fordelt på ca 140 store og små prosjekt. Det er ein venta sysselsetjingseffekt på ca 70 årsverk, om lag halvparten til kvinner. Det har vore stor interesse for samdrift i mjølkeproduksjonen og det vart finansiert 9 samdrifter med i alt 40 bruk – både store og små. Middels kvote for desse bruka var på ca 70 000 kg, dvs tilsvarande middels for fylket. Vi har dei minst mjølkebruka i landet, og det er svært vanskeleg å finansiere nye driftsbygningar for desse bruka utan gjennom samdrifter.

Vi har eit godt samarbeid med fylkeskommunen om regional utvikling, og hadde til dømes sekretariatsansvaret for satsingsområdet *Småskala næringar, lokalsamfunn og bruk og vern* i fylkesplanen. Vi har også eit aktivt samarbeid med ulike bransjeorganisasjonar innan småskala mat, bygdeturisme og grøn omsorg.

Resultatområde 21.4: Verdiskapingsprogramma

Vi har eit godt samarbeid med Innovasjon Norge, jamfør også det generelle arbeidet med bygde- og næringsutvikling. Konkret skjer samarbeidet gjennom felles strategi, samarbeid om informasjonsmøte for kommunane, dagleg kontakt og årlege oppfølgingsmøte der vi både ser bakover og framover. Det er ca 30 gardsbruk med lokal foredling og som deltek regelmessig på ulike salsplassar, t.d. Bondens marked og andre lokale marknadsplassar. På matområdet synest dette arbeidet å gå mot både betre etterspørsel, tilbod og lønsemd.

Det har ikkje vore same interessa for skogprogrammet eller bioenergi, men vi har drive ein del informasjonsarbeid og det ser no ut som det kan bli etablert eit eller fleire bioenergianlegg med fjernvarme. Det er gjort mykje godt arbeid i regi av næringa og grunneigarane når det gjeld auka utnytting av utmarka. Det blir organisert stadig fleire større grunneigarlag og storvald for jakt, noko som med vår bruksstruktur er ein føresetnad for auka bruk av denne fellesressursen til næringsutvikling. Det vart felt nesten 9000 hjort i fylket og den berekna kjøtverdien av hjortejakta er på ca 27 mill kr, og i tilknytning til dette ligg her eit stort potensiale for utvikling av opplevingsnæringar.

Resultatområde 22: Miljøtiltak i landbruket

Resultatområde 22.1: Kulturlandskap, biologisk mangfald m.m.

Både kommunane og vi på fylkesnivå har prioritert kulturlandskap i miljøstrategiane. I dette ligg både det historiske kulturlandskapet, kulturminner, nyare kulturlandskap, biologisk

mangfold, og tilgjenge for ålmenta gjennom rydding langs stiar og vegar. I vårt regionale miljøprogram satsa vi på kulturlandskap og tiltak mot attgroing.

Resultatområde 22.2: Tiltak for å redusere forureining

Det er kommunane som har forvaltningsansvaret for diverse forskrifter om ureining, og vår rolle er fagleg hjelp og oppfølging av kommunane. Vi går ut med faglege råd og påminningar til kommunane, og ber om årleg rapport på kva kontrolltiltak og praksis dei har hatt med til dømes dispensasjon frå reglane om gjødselspreiing og silopressaft. Tilbakemeldingane tyder på at brukarane i all hovudsak etterlever regelverket, men det er trong for oppfølging og påminning. Hausten 2005 fekk kommunane fullmakt til å fastsetje meir lokalt tilpassa spreietidspunkt for husdyrgjødsel, og mange nytta seg av dette.

Resultatområde 22.3: Miljøprogram og miljøplan

Det var svært god interesse for Regionalt miljøprogram og over 70 % av brukane søkte om støtte frå miljøprogrammet. Nesten halvparten av den økonomiske ramma gjekk til støtte til drift av bratt areal, men det var også svært stor interesse for dei andre ordningane, særleg støtte til steingardar og styvingstre så desse satsane vart sterkt redusert. Vi hadde eit godt samarbeid med kommunane og forsøksringane om informasjon og opplæring.

Resultatområde 22.4: Økologisk landbruk

Tal brukarar som har lagt om til økologisk landbruk har gått kraftig tilbake siste åra og er no nede i ca 150 bruk, dvs under 5 %. Mykje av forklaringa er knytt til rigide krav for økologisk sauehald, og delvis manglande respons i marknaden for økologiske husdyrprodukt. Det er derimot positiv utvikling innan økologisk frukt og bær der eit eige pilotprosjekt gir auka kunnskap og interesse. Her synest det også vere lettare tilgang og betre respons i marknaden. Handlingsplanen for økologisk landbruk blir revidert til 2006 og med fokus på sau, frukt og mjølk.

Resultatområde 22.5: Tre og miljø

Vi har prioritert miljøregistrering i skogbruket (MiS) i samband med skogbruksplanlegginga, men det står framleis att 10 kommunar. Reduserte løyvingar kan gjere det vanskeleg å gjennomføre dette i samsvar med framdriftsplanen innan 2012. Skogeigarlaget som er ein dominerande aktør i skogbruket, har godkjent ISO-sertifisering frå juni 2001, og vi har generelt inntrykk av at miljøomsynet blir teke rimeleg godt vare på i drifta.

Resultatområde 23: Ressurs- og eigedomspolitik

Resultatområde 23.1: Samfunnsplanlegging

Fylkesmannen med representantar både frå miljøvern og landbruk er aktive deltakarar i Planforum, ein nyttig møteplass for kommunar med planutkast og for regionale sektorstyresmakter. Landbruksavdelinga deltek dessutan aktivt i Geovekstsamarbeidet. Den øyremerkte summen frå Norsk institutt for jord og skogkartlegging (NIJOS) er altfor liten til å dekkja behovet. Det er stor utfordring å skaffa nok midlar til dette arbeidet. Parten Landbruk fungerer tilfredsstillande. Over halvparten av kommunane manglar framleis ortofoto. Landbruksavdelinga er aktiv medspelar i Fylkesmannen sitt arbeid med vernesaker. Naturbruksprosjektet som vart avslutta i 2005, var eit samarbeid mellom landbruksavdelinga og miljøvernavdelinga.

Resultatområde 23.2: Eigedomspolitik

Som eitt av tre prøvefylke har kommunane i vårt fylke i fleire år hatt erfaring med dei juridiske verkemidla knytt til eigedomspolitikken i landbruket. Etter vår vurdering går dette greitt, men spørsmåla til Fylkesmannen er framleis mange. Det er difor viktig at vi har nødvendig landbruksretta juridisk kompetanse i embetet. Detaljert rapport er i rett tid sendt til SLF.

Resultatområde 23.3: Jord- og landskapsressursar

Fylkesmannen har eit godt samarbeid med fylkeslandbruksstyret om arealpolitikken. Det har ikkje vore aktuelt med motsegn frå fylkeslandbruksstyret i 2005.

Jordvern har i 2005 vore sentralt tema i dialogen vår med kommunane. Kjerneområde Landbruk var tema på den årlege kommunekonferansen for ordførarar og rådmenn. Dessutan samla vi den same målgruppa saman med kommunale landbruks- og planfolk til fire ulike regionsamlingar om same tema. DVD-en "Areal – lokalt gull" og biletspelet frå Hordaland vart vist. Seinare vart alle kommunane inviterte til ei samordna oppstarting av arbeidet med registrering av Kjerneområde Landbruk. Som resultat har 8 kommunar starta opp med registreringsarbeidet og vi følgjer dei opp med fagleg støtte, informasjonsutveksling og felles samlingar.

Resultatområde 24: Inntekts- og velferdspolitiske tiltak

Resultatområde 24.1: Direktetilskot

Arbeidet vårt i denne sektoren er knytt til tilskot til husdyr, og areal- og kulturlandskapstilskot. I 2005 har det vore mest spørsmål omkring desse tema:

- dispensasjonar frå grensa på kr 30 000,-
- tilskot til lammeslakt – spørsmål om dispensasjonar
- driftstilskot til grøntproduksjon – dispensasjonar
- økologisk produksjon – For mykje utbetalt tilskot og sein rapport og for sein godkjenning av økologisk drift frå Debio
- driftsfellesskap, samdrift i mjølkeproduksjon der deltakarar har andre husdyr

I 2005 var andre året der den webbaserete løysinga for søknad om produksjonstilskot (WESPA) var i bruk for registrering av søknader om tilskot. Tal søkjarar for januaromgangen som leverte elektronisk var 748. Dette utgjer 18,7 % av søkjarmassen. For søknadsomgangen pr 31.07 leverte 19,5 % av søkjarane elektronisk søknad. Her er stort potensiale til å auke prosent elektronisk leverte søknader. Inntrykket vårt er at kommunane er nøgde med programmet.

Regionalt Miljøprogram vart innført frå søknadsomgangen pr 31.7.2005. Dette er ei ny regional ordning der fylka prioriterer /lagar ordningar som skal stimulere til aktiv landbruksdrift og ta vare på kulturlandskapet i fylket. I alt kom det inn 2883 søknader på ca 21 mill kr.

Kontroll

Kontroll med ordningane for produksjonstilskot er i all hovudsak utført av kommunane. Fylkesmannen har vore på kontroll i to kommunar. På desse kontrollane deltok ein i lag med kommunen. Vi har mykje telefonkontakt med kommunane i samband med desse ordningane, og føler oss relativt trygge på at saksbehandlinga er einsarta i kommunane.

I 2005 har vi ikkje vore ute på kontroll av velferdsordningar. For investeringstilskot har vi vore på kontroll i tre kommunar: Lærdal, Balestrand og Førde. 9 tiltak vart kontrollert med eit samla tilskot på kr. 463 000,- som er ca. 5 % av tilskotsramma for 2005.

EB-utvalet

I 2005 har EB-utvalet fått tildelt kr. 385 000,-. Desse midlane er brukte på i alt 15 EB-kurs som er gjennomført av dei fire faste kursarrangørane i Sogn og Fjordane. Prioriterte kurs har vore Unge bønder, Eigarskifte i landbruket, Avløysarkurs for ungdom, Grindverksbygging, Storruse-bygging-kultivering av næringsfiske, økologisk ammeku m.m. Det vert sendt eigen rapport april 2006.

Resultatområde 25: Kommunane som landbrukspolitisk aktør

Resultatområde 25.1: Kompetansesenter

Kommunane har lite å utsetja på kompetansetilbodet vårt (kurs, konferansar og løpande kommunikasjon), og vi har eit innarbeidd samarbeid med Innovasjon Norge. Dei viktigaste kompetansefunksjonane våre på lovsektoren, SMIL/NMSK-forvaltninga og produksjonstilskot der vi tidvis har dagleg kontakt med kommunane. Dessutan arrangerer vi kurs og konferansar som er viktige for oppdatering av kommunane.

Resultatområde 25.2: Landbrukspolitisk dialog med kommunane

Leiargruppa ved landbruksavdelinga har i tida 2002-04 hatt einskildvise møte med kommuneleing og landbruksansvarlege i alle kommunar. Hovudtema har vore forventningar stat – kommune og omvendt, landbruksutviklinga i kommunen samanlikna med fylket, og kommunen som landbrukspolitisk aktør. I 2005 har vi hatt fire regionsamlingar om arealpolitikken med ordførarar, rådmenn, landbruks- og planfolk i kommunane som målgruppe. Dessutan har vi delteke på fylkessamlinga for ordførarar og rådmenn, og hatt eigne samlingar for dei som arbeider med landbrukssaker i kommunane.

Resultatområde 25.3: SMIL- og NMSK-midlar

Vi har utført arbeidet med desse midlane i samsvar med oppdraget. Vi er også rimeleg nøgde med den måten kommunane har handtert sin del av oppgåva. Alle kommunane har utarbeidd tiltaksstrategiar for bruken av midlane. Det har vore greie prosessar der både kommunane og næringsorganisasjonane har samarbeidd. I 5 kommunar er tiltaksstrategiane utarbeidde og vedtekne som kommunedelplanar.

Det er stor etterspurnad etter midlar til skogsvegar, og kommunane prioriterer vegar til kulturskogen. Det er vanskeleg å oppfylle føringa om at over tid skal maksimalt 50 % av skogmidlane nyttast til veganlegg, men ubalansen er heller ikkje verre enn ca 60/40 mellom vegar og andre tiltak.

3.3. Barne- og familiedepartementet. Kyrkje- og kulturdepartementet.

Resultatområde 41: Barnehagar

Det vert gjeve omfattande rapportering til Kunnskapsdepartementet i eigen ekspedisjon, jf skriv frå dette departement datert 31.01.2006. Det er behandla 1 klagesak i forhold til barnehagelova. Klagesaker på spesialpedagogisk hjelp etter § 5-7 i opplæringslova er teke

med i oversynet i resultatområde 31.2. Det er ikkje behandla søknader om dispensasjonskrav i 2005.

Resultatområde 44: Familievern

Fylkesmannen har gjennomført tilsyn med dei tre familievernkontora i fylket i samsvar med forskrift. Viser til eigen rapport som er sendt BFD. Det vart ikkje gjeve avvik eller merknader i 2005.

Resultatområde 48: Likestilling – Likestillingslova

Kjønnsfordeling og løn - kvinner og menn

Tabellen nedanfor viser at vi pr. dato er 111 tilsette, 54 kvinner og 57 menn (48,6 % kvinner). Gjennomsnittsløna for kvinner er 1st 44, medan menn i gjennomsnitt har 1st 52. Snitt for embetet er 48. (Tabell 1). Dersom vi berre reknar saksbehandlarane, har kvinner i snitt 1st 45, medan menn har 1st 49. Snitt for saksbehandlarane er 47 (Tabell 2).

Dette gir følgjande endringar siste året når det gjeld løn:

- gjennomsnittsløna for kvinner har auka frå 42 til 44 = + 2
- gjennomsnittsløna for menn har auka frå 50 til 52 = + 2
- gjennomsnitt for embetet har auka frå 47 til 48 = + 1

For *saksbehandlarane* viser utviklinga siste året følgjande:

- gjennomsnittsløna for kvinner har auka frå 43 til 45 = + 2
- gjennomsnittsløna for menn har auka frå 46 til 49 = + 3
- gjennomsnitt for embetet har auka frå 45 til 47 = + 2

Lønsforhandlingar i 2005 viser følgjande:

- ved sentrale justeringsforhandlingar fekk alle tilsette opprykk i løn.
- ved lokale forhandlingar på særskilt grunnlag fekk 4 kvinner og 3 menn opprykk i løn (endra arbeidsoppgåver, meir ansvar).
- i tillegg fekk 2 kvinner og 6 menn tidsavgrensa opprykk i løn på grunn av oppgåve som gruppeleiarar i samband med organisasjonsendringar.
- det vart ikkje gjennomført årlege lønsforhandlingar i 2005.

Nytilsette i 2005 – internt avansement

Det byrja 9 kvinner og 4 menn i nye stillingar ved embetet i 2005. 2 kvinner og 6 menn fekk tidsavgrensa gruppeleiaransvar i samband med organisasjonsendringar.

Deltidstilsette

Pr 31.12.05 var det 21 kvinner og 9 menn som hadde reduserte stillingar på grunn av omsorgspermisjon, delvis AFP eller uførepensjon, eller fordi dei ikkje ønskjer å ha full stilling av andre grunnar.

Sjukefråvær i 2005

Sjukefråværet for 2005 var 3,2 % (derav 1,8 % langtidsfråvær). Tilsvarende tal for 2004 var 3,6 % (2,3 %). Sjukefråværet for kvinner i 2005 var 3,5 %, og for menn 3,0 %. Tilsvarende tal for 2004 var 5,8 % for kvinner og 1,6 % for menn.

Lønsstatistikk pr 31.12.05

Tabell 1 – alle tilsette

Avdeling/eining	Tal tilsette	Kjønn	Tal Tilsette	Gjennomsnitt lønssteg	Merknad
Leiing og stab	5	K	4	59	
		M	1	83	
Adm og beredskap	29	K	14	39	Inkl. reinhald
		M	15	49	
Helse-, sos og justis	19	K	12	48	
		M	7	60	
Utdanning	8	K	5	45	
		M	3	60	
Landbruk	31	K	12	40	Inkl. reinhald
		M	19	49	
Miljøvern	19	K	7	47	
		M	12	51	
Embetet samla	111	K	54	44	
		M	57	52	
		Alle	111	48	

Merknader:

For leiing og stab har talet tilsette kvinner auka frå 3 i 2004 til 4 i 2005, medan talet på menn redusert frå 2 til 1. Ei stilling stod vakant ved teljing. For administrasjon og beredskap er tal tilsette gått attende frå 31 i 2004 til 29 i 2005. Tilsette kvinner er redusert frå 16 i 2004 til 14 i 2005, medan talet på menn er uendra. For helse-, sos. og justis er tal tilsette ikkje endra frå 2004 til 2005. Tal tilsette kvinner på avdelinga er auka frå 11 i 2004 til 12 i 2005, medan tilsette menn er redusert frå 8 til 7. Ved avdeling for utdanning er at talet på tilsette kvinner uendra. Talet på tilsette menn er redusert frå 4 i 2004 til 3 i 2005. Ei stilling stod ledig ved årsskiftet. Tala for både landbruk og miljøvern er uendra frå 2004 til 2005.

For heile embetet var det i 2004 114 tilsette. Talet for 2005 var 111. I 2004 var 47,4 % av dei tilsette kvinner og 52,6 % menn. I 2005 var 48,6% av dei tilsette kvinner, medan 51,4 % var menn.

Kvinneanden har auka med vel eitt prosentpoeng frå 2004 til 2005, men dette må også sjåast i samanheng med at nokre stillingar stod vakante den 31.12.2005.

Tabell 2 – saksbehandlarar

	Tal tilsette	Kjønn	Tal Tilsette	Gjennomsnitt Lønssteg	Gjennomsnitt lønssteg alle
Stab	3	K	3	52	52
		M	0		
Adm- og beredskap	23	K	10	42	45
		M	13	47	
Helse-, sosial og justis	16	K	12	48	50
		M	4	54	
Utdanning	7	K	5	45	47
		M	2	55	
Landbruk	26	K	10	42	45
		M	16	47	
Miljøvern	18	K	7	47	49
		M	11	50	
Embetet samla	93	K	47	45	47
		M	46	49	

Teljedato: 31.12.2005

Merknader:

Kjønnsfordelinga for sakshandsamarar i 2005 syner at 50,5 % er kvinner og 49,5 % er menn. Samanlikna med 2004 er kjønnsfordelinga stort sett uendra. Dette må også sjåast i samanheng med at nokre stillingar stod vakante i ved teljing.

Koordinatorstillingar

I 2005 har det vore ei målsetjing å få fleire kvinner inn som leiarar/koordinatorar av fagggrupper/team/prosjekt. I 2005 er det 8 koordinatorar - tre av desse er kvinner og fem er menn.

Likestillingsprosjekt i barnehage

Embetet fekk regionalt ansvar av Barne og Familiedepartementet (BFD) for likestillingsprosjekt i barnehage for perioden 2004 – 2007. Dette omfattar fylka Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane.

Førsteamanuensis Svein Ole Sataøen, Høgskulen i Sogn og Fjordane (HSF), er engasjert som prosjektleiar. Ein fokuserer på ulike forhold. Størst fokus har fleire menn inn i førskulelærarutdanninga. I 2005 var løyvinga på kr. 100 000,-.

”Mangfald i leiing”

Fylkesmannen er medverkande i eit NHO-program for å få fleire kvinner inn i styra i bedriftene. Studiet vart lyst ut våren 2005, med søknadsfrist 13.09.05. 17 personar melde seg interessert, av dette 15 kvinner og 3 menn. Det er ei samling i 2005 og fire samlingar i 2006. Studiet ”Mangfald i leiing” er svært grundig oppbygd, og vi trur det vil være eit løft for å få yngre personar inn i styreverv.

Resultatområde 95: Trudoms- og livssynssamfunn

I 2005 kom det inn 23 saker mot 21 året før. Eitt trudomssamfunn vart sletta og eitt vart registrert. To forstandarar vart godkjende. Det vart utbetalt kr. 204 631,- i statstilskot, ein reduksjon frå 2004 på kr. 8 267,-.

Resultatområde 97: Lov om helgedagsfred

I 2005 kom det inn 8 saker, mot 11 saker i 2004. Av disse var det ei sak av generell karakter medan resterande saker var søknader om dispensasjon frå opningstidene som er fastsette i lova. Dispensasjonssakene vart handsama fortløpande og ved årsskiftet var det ingen saker i restanse.

3.4. Justisdepartementet. Direktoratet for samfunnssikkerheit og beredskap.

Resultatområde 51: Siviladministrasjon

Resultatområde 51.2: Vergemålslova

Det kom inn 43 saker i 2005 mot 47 saker i 2004 og 51 i 2003. Av desse galdt 26 saker overformynderirekneskap, 8 saker galdt klager på overformynderivedtak, 1 saker var melding om val og 8 saker var av generell karakter, m.a spørsmål om bankane sin bruk av folkeregisteret sine adresseregister, flyktingar sin oppgitte fødselsdato m.m.

Det vart arrangert kurs for overformynderia i november 2005, og det vart gjennomført 4 tilsynsbesøk.

Resultatområde 51.5: Tomtefestelova

Ingen saker i 2005.

Resultatområde 53 - Regional samordnar innan samfunnstryggleik og beredskap

Gjennom tilsyn, øvingar, møte, seminar og annan kontakt har Fylkesmannen påverka kommunar og offentlege etatar/instansar til å arbeide aktivt med førebyggjande tiltak, beredskapsplanverk m.v.

Fylkes-ROS vert embetsprosjekt i 2006. Embetet har i løpet av hausten hatt ein førebuande prosess omkring for å bestemme tilnærming, metodar, omfang m.v. på denne.

Fylkesmannen har i løpet av året følgd opp kommunane, og det står berre igjen to kommunar som ikkje er helt ferdige med beredskapsplan for helse- og sosialtenesta

Evaluering etter uværet "Loke" vart gjennomført og rapportert til DSB.

Beredskapsdagen vart gjennomført ved Flora ungdomsskule.

Frivillige organisasjonar er representert i fylkesberedskapsrådet. Ved alle tilsyn og møte med kommunane har Fylkesmannen øvd påtrykk for å få opp aktiviteten i dei kommunale beredskapsråda.

Resultatområde 54 - Rettleiar og pådrivar

Fylkesmannen har hatt tilsyn i 4 kommunar og har øvd kriseleiinga i 6 kommunar.

I all kontakt med kommunane har Fylkesmannen motivert til å utarbeide samordna planverk, der t.d. beredskapsplan for helse- og sosialtenesta er ein integrert del av kommunane sine generelle beredskapsplanar. Fylkesmannen har særleg påpeika at kommunale beredskapsråd vil vere nyttige arenaer for å skaffe oversikt over dei totale innsatsressursane.

Fylkesmannen har fullført arbeidet med å rydde opp i arkiv med graderte dokument i kommunane.

Resultatområde 55 - Førebyggjande samfunnstryggleik i arealplanlegginga

Embetet har fått nyttige kunnskapar og erfaringar gjennom deltaking i prosjektet "Samfunnssikkeret i GIS Vestlandet". I all kontakt med kommunane vert behovet for trygg og robust arealforvaltning understreka.

Det er sett i gang ein gjennomgang av Fylkesmannen sine interne rutinar for behandling av kommunale plansaker, med tanke på å sikre at samfunnstryggleik vert eit viktig tema i embetet si vurdering av planar.

Resultatområde 56 - Samordning ved ekstraordinære kriser i fred, tryggleikspolitiske kriser og krig

Fylkesmannen sitt kriseplanverk er oppdatert og det er gjennomført ei samling for kriseleiinga.

Kryptotenesta er følgd opp dagleg.

Resultatområde 57 - Sivilt-militært samarbeid

Fylkesmannen har hatt god kontakt med Forsvaret, m.a. gjennom møte med sjefane for dei nye HV-distrikta. HV er invitert som observatør og deltakar på alle kommuneøvingar, møte m.v.

Fylkesmannen arrangerte møte om skjermingsverdige objekt med deltaking frå HV, politiet, objekteigarar m.v.

3.5. Kommunal- og regionaldepartementet

Resultatområde 61 - Samordning og omstilling

Resultatområde 61.1: Samordning

Alle planlagde tilsyn, rapportar og oversikt over avvik som ikkje er lukka (restanseliste) framgår av den elektroniske tilsynskalenderen på våre Internettsider. Kommunane får tilsendt oversyn over alle planlagde kommunebesøk, tilsyn, konferansar og samlingar. Desse tiltaka blir samla i ein felles kurs- og konferansekalender på våre heimesider, og blir jamleg oppdatert.

Vi har strukturerte kommunebesøk (jf pkt 2.2). Kommunebesøk, tilsyn og kommuneretta utviklingsarbeid vert koordinert i staben til fylkesmannen. Som ein lekk i arbeidet med å formidle erfaringar og gode eksempel på omstillings- og moderniseringstiltak, er det etablert ei heimeside for prosjektet på Internett: www.fylkesmannen.no/moderniseringsfj. Vi formidlar nasjonale mål og prioriteringar i brev, konferansar, fagmøte, kommunebesøk og gjennom den kontinuerleg dialog.

Fylkesmannen har skrive samarbeidsavtale med KS om bistand i Effektiviseringsnettverka, og har delteke med økonomirådgjevar og rådgjevarar frå aktuelle fagavdelingar på samlingar i dei tre nettverka som har deltakarkommunar frå fylket.

Vi har ei tverrgåande tilsynsgruppe i embetet for å styrke samordninga av det kommuneretta tilsynet. Det vert arrangert to årlege nettverksamlingar for alle i embetet som jobbar med fagområdet. I 2005 har Mattilsynet og Arbeidstilsynet delteke på begge samlingane.

Resultatområde 61.2: Omstilling i kommunene

Arbeidet med omstilling og modernisering i kommunesektoren har vore eit viktig satsingsområde for Fylkesmannen i 2005, og vi har brukt om lag eitt årsverk til dette arbeidet. Hovudmålet med prosjektet har vore *”å bidra til robuste kommunar som utnyttar ressursane effektivt, kommuniserer godt med innbyggjarane sine og produserer tenester med høg kvalitet”*.

Omstilling og modernisering har vore tema i ulike fora der Fylkesmannen har møtt kommunane, t.d. på kommunekonferansen i mai, samling for rådmennene i november, i møte med regionråda og enkeltkommunar. Som ein lekk i arbeidet med å formidle erfaringar og gode eksempel på omstillings- og moderniseringstiltak, er det etablert ei heimeside for prosjektet på Internett: www.fylkesmannen.no/moderniseringsfj. Vi har også formidla erfaringar og resultat frå kommunale omstillingsprosjekt i den elektroniske avisa ”Omstillingsnytt”. Internt har vi arbeidd for auka samhandling på tvers av avdelingane i det kommuneretta arbeidet i embetsprosjektet Kommunedialog.

Fylkesmannen har etablert samarbeidsavtale med KS om bistand i Effektiviseringsnettverka, og har delteke med økonomirådgjevar og rådgjevarar frå aktuelle fagavdelingar på samlingar i dei tre nettverka som har deltakarkommunar frå fylket. Fylkesmannen har også delteke på møte i Stifinnarprosjektet, som Sogndal kommune deltek i.

Fylkesmannen fordelte ca tre millionar kroner av skjønspotten til 19 ulike kommunale og interkommunale omstillings- og moderniseringsprosjekt i 2005. I perioden 2004-05 er det fordelt fem millionar kroner til 29 kommunale prosjekt, fordelt på følgjande kategoriar:

- Utvikling og implementering av heilskaplege styringssystem
- Organisasjonsutvikling (strukturendringar, kompetanseutvikling)
- Digital forvaltning og –tenester
- Omstillingsarbeid med vekt på tilpassing av drifta til endra rammevilkår
- Forpliktande interkommunalt samarbeid etter vertskommunemodellen (felles økonomikontor, IKT-teneste, kulturskule og barnevern)
- Læringsnettverk
- Utreiingsprosjekt (Kommunane Askvoll, Gulen og Solund – spreiddbygde øykommunar og ressursbruk)

På grunn av store økonomiske og kompetansemessige utfordringar i kommunesektoren, vil Fylkesmannen halde fram satsinga på omstilling og fornying i 2006. Dette arbeidet vil bli kopla til Fylkesplanen og programområdet ”Offentleg sektor og IKT” i det regionale utviklingsprogrammet.

Resultatområde 62 - Kommuneøkonomi

Resultatområde 62.1: Kontroll og godkjenning etter økonomibestemmelsane i kommunelova

Det er ei større og større utfordring å balansere statlege krav og forventningar i høve til den kommunale økonomien. Med 12 kommunar i ROBEK og svært stram økonomi i dei aller fleste kommunane, vert berre heilt klare avvik i høve lovverket påpeikt og lån til heilt nødvendige tiltak for å støtte lovkrav innvilga for ein del av kommunane. Vi må stadig ha fokus på kva som er "må" og kva som er "bør"-oppgåver, og har understreka det i heile organisasjonen.

Behandling av økonomisaker etter kommunelova

1. Behandling av kommunale budsjettvedtak, jf. kommunelovens § 59 og 60.

1.1 Fylkesmannens behandling av kommunale budsjettvedtak	Antall
Hvor mange budsjetter har fylkesmannen behandlet i 2005?	13

1.2 Opphevelse av kommunale budsjettvedtak	Antall
a) Budsjettet ble opphevet på grunn av formelle feil.	1
b) Budsjettet ble opphevet på grunn av budsjettets økonomiske innhold.	
c) Budsjettet ble opphevet av andre årsaker.	

2. Godkjenning av kommunale låneopptak, jf. kommunelovens § 50

2 Fylkesmannens behandling av kommunale låneopptak i 2005	Antall
a) I hvor mange søknader om godkjenning av kommunale låneopptak har fylkesmannen truffet vedtak i 2005?	28
b) Hvor mange av disse låneopptakene godkjente fylkesmannen?	24
c) Hvor mange av låneopptakene ble ikke godkjent av fylkesmannen?	4

3. Godkjenning av kommunale garantier, jf. kommunelovens § 51

3 Fylkesmannens behandling av kommunale garantivedtak i 2005	Antall
a) I hvor mange søknader om godkjenning av kommunale garantivedtak har fylkesmannen truffet vedtak i 2005?	7
b) Hvor mange av disse garantivedtakene godkjente fylkesmannen?	7
c) Hvor mange av garantivedtakene ble ikke godkjent av fylkesmannen?	

I medhald av kommunelova er det handsama slike saker:

§ 60 ROBEK:

Har ved inngangen av 2006 12 av 26 kommunar i ROBEK. 2 var utmeldt i 2005 og ein innmeldt.

§ 44 Økonomiplan

22 økonomiplanar vart kontrollert om dei stetta balansekravet. 2 kommunar gjorde ikkje det.

§ 45 Årsbudsjett (jf. § 59a nr. 2)

Ein kommune fekk ikkje godkjent budsjettvedtaket og måtte ha 2. gongs handsaming før godkjenning var på plass.

§ 50 nr. 9 Kommunale låneopptak (jf. § 60a):

Fylkesmannen la til grunn slike føresetnader for lånegodkjenning til ROBEK kommunane:

- Vilkår for å ta opp lån var at budsjett og økonomiplan var i balanse
- Berre ta opp lån som var sjølvfinansierande
- Rå frå opptak av lån som aukar driftsutgiftene

I alt 28 søknader om låneopptak vart handsama. Av desse vart 4 avslått. Av dei 24 søknadene som vart godkjent var 7 søknader om kassakredittlån.

Resultatområde 62.2: Økonomiforvaltning - rettleiing

Med 12 kommunar i ROBEK har vi stort fokus på desse og tett oppfølging av forpliktande plan. Vi har prioritert tettast oppfølging av dei som "slit" mest av ROBEK kommunane. Vidare har vi kopla dette arbeidet med moderniseringsarbeidet.

Tre av kommunane fekk "øyremerkte" skjønnsmidlar, der vi stilte krav om budsjett i balanse, jamleg rapportering av status og halvårsrekneskap i balanse før utbetaling. Heile 10 kommunar fekk i budsjettbrevet stilt krav om statusrapportering til oss, kvartalsvis eller månadsvis. Vi yngste svar på om kommunane låg an til å nå budsjett og eventuelt kva tiltak som var sett i verk for å korrigere kursen. I fleire kommunar har det vore behov for eit slikt krav for at ein internt treng å fylgje utviklinga tettare enn det har vore kultur for. Vi har hatt fleire møte med enkeltkommunar der økonomi og omstillingsarbeid har vore tema.

Fylkesmannen ser behov for kompetanseutvikling og ein god arena for erfaringsutveksling der målet er god kvalitet på økonomi og rekneskapsarbeid. Vi har teke initiativ til eit økonominettverk som er i ferd med å finne si form. Etter oppstarten legg vi no meir arbeid i samordning av ulike aktørar, forankring og forplikting for å skape ein robust og levedyktig arena.

Resultatområde 63 Kommunalrett og vallov

Resultatområde 63.1: Kommunalrett – Lovlegheitskontroll og rettleiing

Departementet sitt skjema er tatt inn i årsrapporten:

Lovlighetskontroll

Fylkesmannens lovlighetskontroll av kommunale avgjørelser, jf. kommuneloven §59:

Fylkesmannen mottok 6 saker om lovlighetskontroll.

Lovlighetskontroll tatt opp etter klage, jf. kommuneloven § 59 nr. 1	Antall
a) I hvor mange av disse sakene har fylkesmannen truffet vedtak i 2005 ?	0
b) Hvor mange av avgjørelsene har fylkesmannen opprettholdt?	
c) Hvor mange av avgjørelsene har fylkesmannen kjent ulovlige?	

Fylkesmannen tok opp 3 saker til kontroll av eige initiativ. Ei sak var ikkje ferdig pr. 31.12:

Lovlighetskontroll tatt opp på fylkesmannens eget initiativ, jf. kommuneloven § 59 nr. 5	Antall
a) I hvor mange av disse sakene har fylkesmannen truffet vedtak i 2005?	
b) Hvor mange av avgjørelsene har fylkesmannen opprettholdt?	
c) Hvor mange av avgjørelsene har fylkesmannen kjent ulovlige?	2

Fylkesmannen sitt generelle rettleiingsansvar overfor kommunane i kommunalrettslege spørsmål vart gjennomført fortløpande.

Resultatområde 64 - Forvaltningslova og offentleglova i forhold til kommunesektoren

Det er blitt handsama 4 klagesaker om innsyn etter offentleglova og 1 sak etter forvaltningslova.

Resultatområde 65 - Kommuneinndeling og interkommunalt samarbeid

Resultatområde 65.1: Kommuneinndeling

Ingen saker i 2005.

Resultatområde 65.2: Interkommunalt samarbeid

Ingen kommunar har i 2005 vurdert kommunesamanslåing, men vi ser at regionane arbeider tettare på stadig fleire område.

Resultatområde 66 - Bustad- og bygningsrett

Resultatområde 66.1: Byggesaker

KRD har i elektronisk oppdragsbrev stilt krav om rapportering i eige skjema med frist 01.03.06. Rapporten er gjengitt her.

1. Klagesaker etter plan- og bygningslova (NB! Kun byggesaksdelen):

1.1 Klagesaker hvor fylkesmannen har truffet vedtak	Antall
	109
A) INNKOMNE SAKER	
b) Hvor mange vedtak ble truffet?	97
c) Hvor mange av underinstansens vedtak ble stadfestet fullt ut ev. delvis?	45

1.2 Hva var fylkesmannens behandlingstid på klagesakene for rapporteringsåret?	Antall uker
a) Lengste	30
b) Gjennomsnitt	11

1.3 Gjenstående saker pr. 31.12.05	Antall
a) Hvor mange saker gjenstod til behandling pr 31.12?	34

Merknader:

Det generelle inntrykket er framleis at flest klagesaker i vårt fylke oppstår ved oppføring av mindre bygning (t.d. garasje) og påbygging av hus i etablerte byggefelt. Det blir lett relativt store konflikter ved plassering nær nabogrense der det skjer endring i utsikt- og lystilhøve. Det viser seg også at særleg manglar ved nabovarsel blir påberopt i mange saker.

Resultatområde 66.2: Saker om ekspropriasjon

2.1 Saker hvor fylkesmannen har truffet vedtak	
	ANTALL
A) INNKOMNE SAKER	4
B) HVOR MANGE VEDTAK HAR FYLKESMANNEN TRUFFET SOM FØRSTEINSTANS?	1
c) Hvor mange vedtak har fylkesmannen truffet som klageinstans?	2
d) Hvor mange av underinstansens vedtak ble stadfestet fullt ut ev. delvis?	2

2.2 Hva var fylkesmannens behandlingstid på sakene hvor det var truffet vedtak i rapporteringsåret?	
	ANTALL UKER
a) Lengste	8
b) Gjennomsnitt	6

2.3 Gjenstående saker pr 31.12?	
	Antall
a) Hvor mange saker gjenstod til behandling pr 31.12?	1

Resultatområde 67 - Innvandring og integreringResultatområde 67.1: Statsborgarsaker

Det kom inn og vart handsama 9 slike saker mot 11 i 2004.

Resultatområde 67.2: Introduksjonsordning for nyankomne innvandrere (introduksjonslova)

Fylkesmannen handsama i 2005 2 saker der det vart kaga på kommunen sitt vedtak etter lov om introduksjonsordning for nyankomne innvandrere §§ 6 og 7 (introduksjonslova). I begge sakene fekk klagar avslag.

3.6. Sosial- og helsedirektoratet

Resultatområde: 71 Folkehelsearbeid generelt

Resultatområde: 72 Primærhelseteneste

Resultatområde: 73 Sosialteneste

Resultatområde: 74 Levekår

Resultatområde: 75 Spesialisthelsetenesta

Resultatområde: 76 Utviklingsoppgåver

Resultatområde: 77 Kvalitet og samhandling

Det er sendt inn eige rapporteringsskjema på desse resultatområda. Sjå vedlegg 1

For å unngå dobbelrapportering, meiner vi at rapporteringa på desse resultatområda bør skje gjennom ei rapportering.

3.7. Utdannings- og forskingsdepartementet. Utdanningsdirektoratet

Resultatområde 31 - Tilsyn, klagebehandling og lovlegkontroll

Resultatområde: 31.1: Tilsyn

Utdannings- og forskingsdepartementet fører tilsyn med verksemdar etter opplæringslova og friskulelova. Mynde til tilsyn er delegert til Utdanningsdirektoratet, som igjen har gjeve delegasjon til fylkesmennene.

Tilsynsbesøk i kommunane

Utdanningsavdelinga ved Fylkesmannen i Sogn og fjordane har ført tilsyn med 6 kommunar i 2005 (Vågsøy, Førde, Høyanger, Årdal, Gaular og Hornindal). Med bakgrunn i tildelingsbrev blei det særleg fokusert på:

- Spesialundervisning for barn unge og vaksne
- Organiseringa av undervisninga i grupper
- Elevane sitt skulemiljø
- Skule- og lærebedriftsbasert vurdering

Ved tilsyna er det brukt element frå systemrevisjon og dialogbasert tilsyn. Tilsynet er gjennomført ved gjennomgang av svar på utsendt spørjeskjema, gransking av dokument/statistikk og intervju (ordførar, rådmann, skuleansvarleg, representantar for elevar/føresette og tillitsvalte).

Rapportane etter tilsyns er lagt ut på fylkesmannen i Sogn og Fjordane sine heimesider under tilsynsrapportar.

Vårt inntrykk etter tilsynsbesøka i 2005 er at skulane ikkje har gjort større endringar når det gjeld organisering av elevane i grupper. Det som tidlegare var klassar er no grupper.

Frå to av kommunane har det gjennom fleire år kome unormalt mange klager på vedtak om spesialundervisning. I samband med tilsynsbesøk vart dette forholdet påpeika, men det var ikkje funne brot på lov eller regelverk.

Ved fleire skular i kommunane rapporterte kommunane om manglar ved det fysiske miljøet der dette allereie hadde vore påpeika av andre tilsynsinstansar. Då kommunane var i ferd med å rette på desse manglane, vart det ikkje gjeve avvik.

Ved fleire skular avdekka tilsynet manglar ved rutinane for lovmessig sakshandsaming etter opplæringslova §§ 9a-2 og 9a-3. Spesielt var kravet om enkeltvedtak mangelfullt. Det vart difor gjeve eitt avvik i høve § 9a-3.

I tre av dei seks kommunane vart det gjeve merknader knytt til kommunen si oppfølging av § 2-1 i forskriftene om skule- og lærebedriftsbasert vurdering.

Vi har inntrykk av at kommunane er profesjonelle skuleeigarar som så langt det er råd søker å drive verksemda i samsvar med gjeldande regelverk. Vi meiner at kommunane følgjer godt

opp når det gjeld å korrigere forhold som er avdekka ved tilsynet anten dette er gitt som merknad og avvik. Vi legg særleg merke til kommunane og skulane sine tiltak for å fremje det psykososiale miljøet for elevane.

Tilsyn med private skular

I 2005 var det to private grunnskular (ein av dei starta opp i 2005) og to private vidaregåande skular i fylket. Utdanningsavdelinga har tett kontakt med dei to private vidaregåande skulane. Det meste av dette skjer per telefon og e-post og spørsmål knytt til inntak og eksamen, men og mange andre type spørsmål. I lange periodar er det snakk om vekentleg kontakt, slik at vi føler at vi har bra innsyn i korleis desse skulane vert drivne. I 2005 var det besøk, men ikkje formelt tilsyn på den største - Sygna vidaregåande skule.

Tilsyn gruppestorleik

I 2005 vart det ført tilsyn med 4 skular i høve forsvarleg gruppestorleik. Ved tre av skulane vart det avdekka feilrapportering i GSI, men ved ein skule vart det gjeve pålegg til kommunen om å styrkje undervisningstimetalet.

Tilsyn symjeundervisning

På bakgrunn av oppslag i media om stenging av symjebasseng vart det i april 2005 sett i gang postalt tilsyn retta mot symjeopplæringa for barn i grunnskulen. Vi kontakta alle kommunane skriftleg og bad dei gjere greie for organiseringa av symjeopplæringa for dei einskilde årsstega, samt vurdere i kva grad den kommunale symjeopplæringa stetta krava i læreplanen. Vi fekk tilfredstillande svar frå 20 kommunar. Omfattande korrespondanse med dei seks resterande kommunane resulterte i at ytterlegare fire kommunar fekk godkjent symjetilbodet sitt innan årsskiftet. Dette skjedde etter vedtak om auka ressurstildeling til symjeundervisning/gjenopning av basseng.

Når det gjeld dei to siste kommunane avventar Fylkesmannen dokumentasjon som syner at kommunen gjev ei symjeopplæring som stettar krava i læreplanen. Tilsynet er ikkje avslutta.

Tilsyn musikk- og kulturskuletilbod, jf opplæringslova § 13-6

Utdanningsavdelinga ved Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har ført tilsyn med Gaular kommune i samband med opplæringslova § 13-6. Etter auke i løyvinga til føremålet i budsjettet for 2006 og inngått samarbeidsavtale med ein nabokommune, vart tilsynet avslutta formelt i februar 2006.

Merknad

Det er her nemnt tre døme på postale tilsyn. Dei har det felles kjenneteiknet at dei alle gjeld spørsmål om meir ressursar. Dette krev ny politisk handsaming. Sjølv om det er ein del arbeid involvert, er det vår erfaring at denne måten å leggje opp tilsyn på har fungert godt i desse tilfella, m.a. fordi det gjer det mogleg å ha ein prosess. Vi trur ikkje fysisk frammøte i kommunane ville ha gjort at desse sakene hadde blitt betre eller raskare løyste.

Resultatområde: 31.2 Klagebehandling*Spesialundervisning*

Klage på vedtak om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1 medfører høvesvis mykje arbeid for utdanningsavdelinga. I 2005 blei det handsama 66 klagesaker, og det er spesielt Vågsøy og Naustdal som har flest saker. Det kan vere komplekse årsaksamenhengar som ligg til grunn for talet på klagar i ein kommune, og ulike tiltak må vurderast over tid. Heile 31 saker vart sendt attende til kommunen for ny handsaming.

Klagesaker barnehage og grunnskule – spesialundervisning			
2005: 66 klagesaker *			
Medhald	Delvis medhald	Avslag	Saker sendt i retur i %
21,2%	28,8%	50%	47%

* Frå 2005 har kontoret gått over frå å registrere tal ekspedisjonar ved avdelinga til å registrere *tal klagesaker per namn*. Etter gamal registreringsmetode ville tal klagesaker vore 97 (66 + 31), m.a.o. ein liten auke i tal klager frå 2004.

Klagesaker barnehage og grunnskule – spesialundervisning			
2004: 86 klagesaker			
Medhald	Delvis medhald	Avslag	Anna (saker sendt i retur m.v.)
18,6%	16,3%	51,2%	14%

I 2005 vart det i fleire saker gjeve pålegg til kommunen om å setje i verk drøfting med foreldra om eleven sitt opplæringstilbod i samband med avvik mellom sakkunnig tilråding og kommunen sitt vedtak. Tala over viser difor ein stor auke i saker som vart sendt attende til kommunen. Vi meiner også at det er ein direkte samanheng mellom talet på klager og kor vedtaksmyndet er plassert i kommunen. I ein kommune vart vedtaksmyndet flytta frå kommune- til rektornivå i 2005, og dette førte til ein reduksjon på ca 70% i talet på klager.

Klagesaker vidaregåande opplæring – spesialundervisning			
2005: 7 klagesaker			
Medhald	Delvis medhald	Avslag	Anna (saker sendt i retur m.v.)
100 %	0%	0%	0%

Fylkesmannen handsama til saman 7 klager på spesialundervisning i vidaregåande opplæring. Alle fekk medhald.

Fri skuleskyss

I 2005 vart det handsama 5 klagesaker på avslag om fri skyss som følgje av farleg skuleveg (to av sakene hadde kvar 2 partar). I to saker vart det gjeve heilt medhald, medan i dei fire andre vart det gjeve avslag.

Klage på avgangskarakterar i grunnskulen

Fylkesmannen har

- behandla 3 klager på gjennomføring av munnleg avgangsprøve. 1 fekk medhald.
- behandla 1 klager på endeleg karakter i orden. Karakteren vart ikkje endra.
- behandla 34 klager på standpunktkarakter i fag. 13 av klagarane (38%) fekk heva karakteren.

Resultatområde 32 - Kvalitetsvurdering, dokumentasjon og analyse

Resultatområde 32.1: Nasjonale prøver, avgangsprøver, eksamen

Nasjonale prøver

I tillegg til å løyse dei oppdraga som er komne frå Utdanningsdirektoratet driv utdanningsavdelinga omfattande brukarstøtte når det gjeld tildeling av passord (og retildeling pga passord som er gløymt), innlegging av opplysningar på skulenivå, bruk av nettstaden med meir. Fleire av dei tilsette er involverte i denne brukarstøtta. Sjå også pkt 32.2

Avgangsprøvene i grunnskulen

I samband med avvikling av sensur for skriftleg avgangsprøve i matematikk for region Sogn og Fjordane / Møre og Romsdal oppstod det problem med postgangen ved sending av elevsvar frå skule til sensor og frå sensor til sensor. Generelt tar det for lang tid å sende registrert pakke eller rekommandert sending. Også "Ekspress over natta" tar lengre tid enn forventa.

I eitt tilfelle kom ikkje ein pakke med 29 elevsvar frå førstesensor fram til andresensor før etter fellessensurmøtet. Pakken blei sendt som rekommandert sending 25.mai frå førstesensor, vart etterlyst ei veke seinare og formelt meldt sakna 10.juni, av andresensor (adressat). Trass i gjentekne etterlysingar frå sensorane og Fylkesmannen, klarte ikkje Posten å finne pakken. Elevsvara var framleis sakna då fellessensurmøtet vart avvikla 16.juni. Utdanningsdirektoratet vart då kontakta. Først då media fatta interesse for saka, klarte Posten å finne elevsvara i ein "Post i butikk" i eitt av fylka. Det var 2 dagar etter fellessensurmøtet. Pakken hadde då vore undervegs i over 3 veker.

Sentralgitt eksamen i vidaregåande opplæring

Sentralgitt eksamen blei gjennomført i 2005 på forsvarleg måte utan avvik og særskilde problem. Sogn og Fjordane hadde ansvaret for å administrere sentral klagesensur for hausteksamen 2004 for heile landet i alle fag utanom norsk og språkfaga, i alt 284 klager. Det blei gjennomført utan avvik og problem.

Lokalgitt eksamen i vidaregåande opplæring

Lokalgitt eksamen i Sogn og Fjordane vert organisert som fylkeseksamen i fag som er tilbod ved fleire enn ein skule. Eksamensavviklinga blei gjennomført på forsvarleg måte utan særskilde problem.

Resultatområde 32.2 Skoleporten.no

Utdanningsavdelinga v/utdanningsdirektøren har vore aktiv i prosjektet skoleporten.no – til glede og nytte for brukarane. Dette er eit samarbeid med KS der Sogn og Fjordane er eitt av fylka som er plukka ut av Utdanningsdirektoratet. Deltakande kommunar er frå Sogn og

Fjordane og frå Hordaland. Prosjektet vert avslutta i 2006. Ein førebels konklusjon i desember var at skoleporten.no har vore forholdsvis lite brukt av skulane og kommunane, jf rapport sendt til Utdanningsdirektoratet.

Resultatområde 33 - Kvalitets- og kompetanseutvikling

Resultatområde 33.1: Læreplanarbeid

Ikkje rapporteringskrav, men sjå resultatområde 37.2

Resultatområde 33.2: Kompetanseutvikling

Utdanningsavdelinga er sekretariat for Forum for skule- og barnehageutvikling, samarbeidsorganet som koordinerer og initierer kompetanseutviklingsarbeidet i fylket (tidlegare Kompetanseutvalet.) Det har hatt 4 møte i 2005. Avdelinga har også koordinert og planlagt 4 møte over 2 dagar med dei skule- og barnehageansvarlege der strategiar og gjennomføring av kvalitetsarbeidet vart drøfta. Avdelinga deltok også på fleire av fylkeskommunen sine kompetanseutviklingsarenaer. Ein har forvalta kompetansemidlane til kommunane på bakgrunn av innleverte planer frå regionar, kommunar og skular, og samla og systematisert planane og rapportane på ein eigen nettstad.

Gjennom Forum for skule- og barnehageutvikling har ein fått til eit unikt samarbeid mellom skuleeigarane og høgskulen, HSF. Ut frå bestilling frå skuleeigarane opprettar høgskulen desentraliserte vidareutdanningstilbod for lærar, førskulelærarar og skuleleiarar. I 2005 fekk ein gjennom dette samarbeidet etablert ein modell for vidareutdanning i 2. framandspråk som gjorde at alle interesserte fekk delta på vidareutdanning i fransk og tysk.

Utdanningsavdelinga engasjerte ein faglærar ved HSF for å gjennomføre regionale samlingar knytt til innføring av ny KRL-plan. Ho vart og engasjert av nokre av regionane til oppfølgingsarbeid.

Resultatområde 33.3: Forsøks og utviklingsarbeid

A: Forsøk med nye læreplanar og ny fag- og timefordeling for grunnskulen i Sogn og Fjordane for skuleåret 2005-06.

Kommune	Skuler	Trinn	Ny læreplan	Fag – og timefordeling
Bremanger	Hauge skule	1.-9. trinn	i matematikk	Ny timefordeling i matematikk
	Svelgen skule	1. 5. og 8. trinn	i matematikk	
		8.trinn	i kroppsøving	
		8. trinn	i Programfag til val	
Eid	Eid ungdomsskule	8. trinn	i alle fag	Ny fag- og timefordeling
Gloppen	Austrheim skule	1.-7. trinn	i alle fag	Ny fag- og timefordeling
Hornindal	Hornindal skule	9. trinn	i programfag til val	Noko mindre enn 180 timar blir m.a. tekne frå Skulen og eleven sitt val og rådgjevaren si yrkesorientering
Leikanger	Leikanger ungdomsskule	8. og 9. trinn	i 2. framandspråk og Programfag til val	Nytte timane frå tilvalsfag og Skulen og eleven sitt val
Selje	Ytre Stad grendaskule	1.-7. trinn	i norsk	
	Selje skule	1.-10. trinn	i tilpassa opplæring ved å styrke opp-læringa av den einskilde eleven i dei faga der vedkomande treng det mest	Fleksibel bruk av 25% av timane
Stryn	Loen skule	1.-7.trinn	i alle fag.	Ny fag- og timefordeling.
	Oldedalen skule	1.-7.trinn	i alle fag.	Ny fag- og timefordeling
	Oppstryn skule	1.-7.trinn	i alle fag.	Ny fag- og timefordeling
	Nordsida skule	1.-7.trinn	i alle fag.	Ny fag- og timefordeling
	Rand skule	1.-7.trinn	i alle fag.	Ny fag- og timefordeling
	Innvik skule	1.-7.trinn	i alle fag.	Ny fag- og timefordeling
	Utvik skule	1.-4.trinn	i alle fag.	Ny fag- og timefordeling
		1.-8.trinn	i alle fag.	Ny fag- og timefordeling
		9. trinn	i alle fag unnateke 2. framandspråk	
Stryn ungdomsskule	8. trinn	i alle fag , men 2. framandspråk blir ikkje gjort obligatorisk	Ny fag- og timefordeling	

B: Forsøk med tverrfagleg munnleg avgangsprøve i grunnskulen. Farnes skule, Årdal i 2004 og 2005.

C. Utviklingssatsing på entreprenørskap i skule og lokalsamfunn

Utdanningsavdelinga deltok i partnerskap i fylket, skaffa fram midlar (1,6 mill) og finansierte prosjekt ved 53 skular og 4 modellskular i 2005, og var ansvarleg for å knyte denne aktiviteten saman med resten av partnerskapet sine tiltak. Drifta database for planar og rapportar. Koordinerte rettleiingsbesøk til prosjektskulane.

D. Utviklingssatsing på realfag – matematikk

Utdanningsavdelinga koordinerte faggruppe (5 skuleleiarar/fagpersonar) og skaffa midlar (0,4 mill) til satsinga "Matematikk til glede og nytte" med 37 deltakarskular. Skulane deltok med 2-4 personar på 6 samlingsdagar i 2005, og skuleleiarane på ein ekstra dag. Dei gjennomførte prosjekt på eigne skular og vart rettleia av faggruppa m.a. gjennom besøk. Utdanningsavdelinga drifta database for planar og rapportar. Skulane deltok i spreingstiltak lokalt.

Resultatområde 33.5: Likeverdig utdanning i praksis

I januar 2005 arrangerte utdanningsavdelinga ei dagsamling for kommunar og fylkeskommunar i høve strategiplanen *Likeverdig utdanning i praksis*. Målet er at kommunane /skulane skal implementere det fleirkulturelle perspektivet i sine planar. Det møtte ca 50 personar på dagsamlinga.

Kyrkjevegen barnehage (Førde kommune) og Førde barneskule (Førde kommune), Flora vidaregåande skule (Sogn og Fjordane fylkeskommune) og Gloppen opplæringscenter (Gloppen kommune) er utpeika til fokuseiningar med fokus på fleirkulturell opplæring. Det vart arrangert to samlingar (hjulmøte) for fokuseiningane i 2005 der NAFO (Nasjonalt Senter for Flerkulturell Opplæring) har hatt hovudansvar for det faglege innhaldet. Vårt inntrykk er at desse einingane, i samarbeid med eigar, i større grad også byrjar å ta ansvar for danning/initiering av nettverk i høve fleirkulturell opplæring. Det må likevel arbeidast meir med dette framover.

Resultatområde 33.6: Gi rom for lesing

Fylkesmannen har fordelt midlane slik:

Region Nordfjord er tildelt kr 89 760. Regionen har fordelt midlane på lesestimuleringstiltak i 20 grunnskular i dei 7 kommunane i regionen.

Region Sunnfjord er tildelt kr 80 784 . Regionen har fordelt midlane på lesestimuleringstiltak i 6 grunnskular i av 5 kommunane i regionen.

Region Indre Sogn er tildelt kr 77 792. Regionen har fordelt på lesestimuleringstiltak i 11 grunnskular i 6 av kommunane i regionen.

Region HAFS er tildelt kr 50 864. Regionen har fordelt midlane på lesestimuleringstiltak i 5 grunnskular i 3 av kommunane i regionen.

Fylkeskommunen er tildelt kr 74 800,- til lesestimuleringstiltak og kompetanseheving for alle vidaregåande skular i fylket.

Kr 20 000,- er brukt til fellestiltak.

Prosjektplanar frå skulane er lagt ut på Prosjektbasen, på følgjande link:
http://kompetansekatalogar.hisf.no/SU_Fou/les2005.htm

Resultatområde 34 - Lærings- og oppvekstmiljø

Vidareføring arbeidet med "Fysisk aktivitet og måltid"

Utdanningsavdelinga koordinerte, gjennomførte samling, drifta prosjektbase, oppsummerte erfaringar og rapporterte for 9 prosjektskular i 2004/05. For skuleåret 2005/06: Mottok søknader, innstilte og etablerte ny prosjektgruppe med 12 grunnskular og 3 vidaregåande skular. Gjennomførte oppstartsamling og koordinerte innlegging av prosjektplanar i database. Tek del i partnerskapsgruppe for fysisk aktivitet som blei oppretta i 2005.

I møte for skule- og barnehageansvarlege i juni vart det gjeve omfattande informasjon i samarbeid med helse- og sosialavdelinga vedr. "samen om psykisk helse", røykfrikampanje, folkehelsearbeid og ernæring.

I 2005 har det ikkje vore fokusert spesielt på mobbing eller skule-heimsamarbeid.

Sogn og Fjordane er eitt av fylka som er valt ut til vidareføring av tiltaksmodellen PALS - positiv atferd, støttande læringsmiljø og samhandling i skulen. Utveljing av ev. barneskular eller rettleiarar frå vårt fylke vil skje i 2006.

Resultatområde 36 - Løpande drifts- og forvaltningsoppgåver

Resultatområde 36.1: Oppgåver som gjeld alle fylkesmannsembete

Det er gjennomført eit omfattande arbeid på dei ulike punkta. Den store utfordringa har vore planlegging og gjennomføring av Rikskonsertane. Omfanget og kompleksiteten av dette arbeidet har auka sterkt etter at ein måtte koordinere med Den kulturelle skulesekken der fylkesdekkande turnear vert planlagt av fylkeskommunen. Det er også eit omfattande arbeid å svare på alle typar spørsmål og ordne opp i mange typar problem i forhold til muskarane. T.d. " *no er vi komne på ein grusveg. Er vi på rett veg til skule x då ?* "

Resultatområde 37 - Tilskotsforvaltning og øvrige oppgåver finansiert over fagkapittel

Resultatområde 37.1: Tilskotsforvaltning

Sjå eiga rapportering.

Resultatområde 37.2: Øvrige oppgåver finansiert over fagkapittel

Kap. 226.21

Vidareutvikling av nasjonalt system for kvalitetsutvikling

Ved hjelp av øyremerkte midlar over kap. 226 var ein person engasjert i perioden august 2004 til august 2005. Ho gjennomførte m.a. rettleiing til Lærdal kommune og til prosjektet Kvalitetsutvikling i Nordfjord. Dette hadde samanheng med kommunane sine plikter etter § 13-10, der nasjonale prøver/elevinspektørane/skoleporten.no står sentralt. Det ligg føre omfattande prosjektrapportar som er til inspirasjon for andre kommunar i fylket.

Nasjonalt vurderingssystem var og tema på samlingar med skuleansvarlege og på den store årlege leiarkonferansen der rektornivået i grunnopplæringa møter i tillegg til skuleeigarnivået.

Her var det ca 180 deltakarar.

Strategi for kompetanseutvikling

Sjå resultatområde 33.2

Arbeid med nye læreplanar

Informasjonsarbeid: Læreplanimplementering har vore tema på alle faste møteplassar med kommunane og fylkeskommunen (Forum for skule- og barnehageutvikling, Skule- og barnehagemøtet og Samrådsmøtet). Informasjon på heimesida. Foredrag i 5 kommunar og på andre møteplassar.

Læreplangruppe: Ein fagperson på avdelinga deltok i to nasjonale arbeidsgrupper som har utvikla den endelege fagplanen for kroppsøvningsfaget. Dette skjedde i regi av Utdanningsdirektoratet.

Høyringsoppsummering, fylket: Oppsummerte høyringa for fagstruktur, og høyringane for pulje 1 (dei gjennomgåande faga).

Høyringsoppsummering, nasjonalt: Ansvar for å oppsummere høyringa for utdanningsprogram for idrettsfag i vgo. Deltaking i arbeidsgruppe som implementerte høyringane i endelege fagplanar.

Referansegruppe: Oppnemning og koordinering av referansegruppe som gav innspel til førsteutkast til læreplanar i programområdet ” Design og handverk” i Vg1 (pulje 2 – planar). Oppnemning av referansegruppe for pulje 3 planane (Vg2) i Design og handverk.

Implementering av læreplanane: Arrangør saman med høgskulen av høyringskonferanse på pulje 1 – planane. Arrangør av dagskonferanse saman med KS om arbeid med lokale læreplanar. Strategisk arbeid gjennom dei faste møteplassane. Koordinerte kompetansesatsinga i KRL – faget og 2. framandspråk.

Kap 230.01

I 2005 har Fylkesmannen nytta mykje tid til individuell rettleiing til kommunar og skular knytt til tilpassa opplæring og til spesialundervisning. Anten i samband med framlagte spørsmål eller i samband med tilsyn. Det er også mange foreldre som tek kontakt.

Det var ikkje særskilte prosjekt/satsingar i 2005. Grunnen til det var det omfattande SAMTAK-prosjektet i perioden 2001 - 2003, der praktisk talt alle grunnskular deltok og tilsvarande satsing i vidaregåande skular. I Sogn og Fjordane heldt satsinga fram til i 2004 ved 17 grunnskular.

Kap 258 post 21

Hovuddelen av midlane vart nytta til samling for lærarar som underviser i norsk for vaksne innvandrarar. Ein del midlar gjekk og til arbeidet med fokusskular, jf resultatområde 33.5.

Sosial- og helsedirektoratet

Resultatområde 71 Folkehelsearbeidet

**71.1 Folkehelsearbeid
generelt**

Årsrapport: Rapportere på status for arbeid med partnerskap for folkehelse og for arbeidet med kommunale folkehelseplaner

Sogn og Fjordane fylkeskommune vart i 2004 peika ut til å vere eit av dei såkalla "fyrtårnfylka" i folkehelsearbeid og har ved utgangen av 2005 inngått partnerskap med 14 av 26 kommunar. Ein kommune til er klar til å inngå partnerskap på nyåret 2006. Alle kommunane som har inngått partnerskap har tilsett koordinator for folkehelse, frå 30% til 100% stillingsstorleik, dei fleste er i delstilling. Kommunane har forankra folkehelse i kommuneplanar og i budsjettet. Folkehelsearbeidet i Fylkeskommunen er forankra i fylkesplanen for 2005 - 2008, der folkehelsearbeidet er eit av sju satsingsområde, og det er utarbeidd ein eigen rapport som ligg i fylkesplanen på folkehelseområdet. Rapporten er utarbeidd av ei breitt samansett gruppe, der folkehelserådgivar hjå Fylkesmannen har leia arbeidet, og Fylkeskommunen sin folkehelsekoordinator har vore sekretær.

Folkehelsearbeidet i fylket vert leia av ei breitt samansett gruppe, folkehelseforum, der mange involverte institusjonar og organisasjonar deltek. Det er representantar frå Idrettskretsen, Høgskulen i Sogn og Fjordane, Helse Førde HF, Nasjonalforeningen for folkehelsen, Fylkestrykdeetaten, Politiet, Kommunenes Sentralforbund / Regionråda i fylket og to representantar frå Fylkesmannen i tillegg til Fylkeskommunen som har sekretariats- og driftsansvar for forumet. Dette forumet skal og ha eit ansvar i evaluerings- og rulleringsarbeidet i høve til arbeidet med fylkesplanen. Fylkesutvalet har peika ut ei mindre arbeidsgruppe som skal ha det praktiske rulleringsarbeidet med fylkesplanen.

Folkehelsekoordinatorane i alle partnerskapskommunane saman med Fylkeskommunen og Fylkesmannen har faste møte fire gonger i året.

Samlingane vert lagt til ein av partnerskapskommunane, og dei kommunale koordinatorane er med å setje opp tema og program for samlingane. Desse samlingane fungerer som ein kombinasjon av erfaringsutveksling og oppdatering om (nye) nasjonale og fylkeskommunale program, satsingar og rapportar innafor dei sentrale folkehelsesatsingane.

	<p>Grøn resept ordninga.</p> <p>Fylkesmannen har skrive brev til alle kommunane i fylket og bedt dei om å kartlegge tilbod om lågterskeltilbod i kosthaldsrettleiing og i fysisk aktivitet. 14 av kommunane har gjennomført kartlegginga og har gjort tilboda sine kjende på kommunen si heimeside. Midlar som var overførde frå Sosial og helsedirektoratet til Fylkesmannen er fordelte vidare til dei kommunane som gjennomførde kartlegginga.</p>
<p>71.2 Miljøretta helsevern Området og antall klagesaker omtales i årsrapporten</p>	<p>Vi har ikkje hatt klager i høve til miljøretta helsevern i 2005.</p>
<p>71.3 Ernæring, fysisk aktivitet og tobakk Beskrivelse av aktiviteter i henhold til tiltaksplan (omtalt i fullmaktsbrev)</p>	<p>21 kommunar har saman med fleire frivillige organisasjonar og ein avdeling ved Høgskulen i Sogn og Fjordane og Helse Førde HF fått tildelt til saman 325.000 kroner.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Tal kommunar som har søkt om midlar har auka frå 16 kommunar i 2004 til 21 i 2005. Vi har prioritert tiltak til dei kommunane som har gått inn i partnerskap om folkehelse, men vi meiner det er viktig å stimulere også andre kommunar til å kome i gang med tiltak på satsingsområda. • I rapporteringa frå kommunane går det fram at midlane er nytta til å auka fysisk aktivitet i skular og barnehagar, og til å "subsidiere" meir bruk av frukt og grønnsaker. Nokre skular har gjennomført faste tiltak med fysisk aktivitet utanom kroppsøvingstimane i skuletida. Mellom anna har nokre skular nytta nokre midlar til å legge til rette for uteskule og utebarnehage faste dagar i veka. • 14 grunnskular og 3 vidaregåande skular er utpeika til å vere modellskular for fysisk aktivitet og måltider i Sogn og Fjordane. Desse skulane har fått tildelt eigne midlar. For desse skulane er det oppretta eit nettverk, som har eigne samlingar for erfaringsutveksling mellom modellskulane. • Avd. for helsefag på høgskulen har eit prosjekt om tobakksførebyggande tiltak. Avdelinga har jobba aktivt for å få skuleområdet røykfritt. Høgskulen har og innført røykjeforbod ved inngangsparti og på uteområda ved andre avdelingar. • Ressursgrupper for ernæring og fysisk aktivitet er oppretta i løpet av 2005. Gruppene er

	<p>samansett av ressurspersonar frå fagfeltet og frå ulike forvaltningsnivå og sektorar. Gruppene skal vere faglege pådrivarar i høve til sin fagkompetanse inn mot folkehelsearbeidet i fylket generelt, og partnerskapsarbeidet spesielt. Ressursgruppe for tobakksførebyggande arbeid har vore etablert sidan 2003. Ressursgruppene har delteke på nasjonale samlingar, og er fagleg ressurs for lokale arrangement og tiltak.</p> <ul style="list-style-type: none"> • Aktive skulebarn. I samarbeid med Trygg Trafikk, Politiet, Statens vegvesen og fylkeskommunen har Fylkesmannen hausten 2005 valt ut tre pilotkommunar som arbeider aktivt med å planlegge tiltak for å legge til rette for at det skal verte tryggare for skuleborn å gå / sykle til og frå skulen. Kommunane gjennomfører omfattande prosessar med fysisk planlegging og foreldremøte på dei aktuelle skulane og i nokre barnehagar for å drøfte tiltak for å gjere trafikksituasjonen tryggare.
<p>71.4 Forebygging av osteoporose og osteoporotiske brudd</p>	<p>Vi har ikkje hatt eigne tiltak i høve til målgruppa, men Norsk Mosjons og Bedriftsidrettsforbundet har arrangert kurs i stavgang og Seniordans i fleire kommunar med støtte av midlar frå Fylkesmannen sine aktivitetsmidlar.</p>
<p><i>71.5 Forebygging av uønsket svangerskap og abort</i></p>	<p>Fylkesmannen har gjort ordninga kjent gjennom sine nettsider på fylkesmannen.no. Fleire kommunar i fylket har søkt og fått tildelt midlar direkte frå Sosial- og helsedirektoratet. Fylkesmannen har ikkje søkt om eigne midlar til vidarefordeling på dette området.</p>
<p>Resultatområde 72 Primærhelseteneste</p>	
<p>72.1 Fastlegeordningen og allmennlegetjenesten, Omtales i årsrapporten (blant annet hvor mange kommuner som har fått suspensjon)</p>	<p>Ingen kommunar er suspenderte frå fastlegeordninga. Fylkesmannen har i 2005 arrangert eit læringsnettverk for seks allmennlegekontor. Målet med prosjektet har vore tredelt:</p> <ul style="list-style-type: none"> • å utvikle og betre tenesta for brukarane av allmennlegekontora, • å lære deltakarane ein enkel metode for systematisk forbetningsarbeid, • å etablere eit læringsnettverk og legge til rette for erfaringsoverføring for dei deltakande

	<p>legekontora.</p> <p>Erfaringane frå prosjektet er svært gode, og det vil bli utarbeida ein eigen prosjektrapport. Sogn og Fjordane har hatt eit vedvarande problem rundt rekruttering og stabilisering av fastlegar. Fylkesmannen har vore engasjert i arbeid for å gjere noko med dette. Organisering av legevakt har vore eit av fokusområda. Helse Førde har no tatt eit initiativ på dette området og invitert alle kommunane til ein konferanse om framtidige legevaktsordningar. Dei har som mål å danne ei arbeidsgruppe som arbeider vidare med teamet etter konferansen. Fylkesmannen er i ein tett dialog med Helse Førde og vil følgje den vidare utviklinga på dette området.</p>
--	--

<p><i>72.2 Lov om helsetjenesten i kommunene, klager og godkjenninger</i></p>	
<p><i>72.3 Helsetjenesten til insatte i fengsel</i> Orienterer om arbeidet i årsrapporten</p>	<p>Det har ikkje vore aktivitet på dette området i 2005.</p>
<p><i>72.4 Helsetjenestetilbud til asylsøkere og flyktningar</i> Orienterer om arbeidet i årsrapporten</p>	<p>Helsetilsynet i fylket har ført tilsyn med helsetenesta til asylsøklarar og flyktningar i alle dei fire kommunane som hadde asylmottak i løpet av 2004 og 2005. Gjennom tilsyna vart det peikt på avvik på nokre område. Avvik som gjekk igjen i fleire kommunar var at det var mangelfulle system for å sikre at kommunen fekk tilsendt tuberkulosestatus for nye grupper som vert busette i kommunane. Sameleis var det og mangelfulle rutinar for å sende vidare helseopplysningar til kommunehelsetenesta i den nye kommunen når asylsøklarar og flyktningar flytte frå kommunen. Vidare viste tilsyna at kommunane hadde gjort tenestetilboda tilgjengelege, og tilrettelagt helsetenesta på ein slik måte at desse gruppene i størst mogeleg grad skulle få eit helsetenestetilbud på linje med resten av befolkninga i kommunen.</p>
<p><i>72.5 Helse- og sosialtjenester i et flerkulturelt samfunn</i></p>	
<p><i>72.6 Helsestasjons- og skolehelsetjenesten</i></p>	<p>På verdens røykfrie dag, 31.mai, deltok mange jordmødrer og helsesyster på ei dagsamling der tobakksførebyggande arbeid var tema. Det var ein gjennomgang av retningslinjer for primærhelsetenesta sitt arbeid med røykeavvenning og eit seminar om endringsfokusert rådgiving som metode mellom anna i tobakksarbeidet. Helsesystergruppa i fylket deltek i ressursgrupper som er oppretta både på område for ernæring og tobakksførebyggande arbeid. Fleire kommunar</p>

	<p>har oppretta helsestasjon for ungdom med opningstider på ettermiddags- og kveldstid. Alle helsestasjonane i fylket deltek i eit tverrfagleg prosjekt om kartlegging og oppfølging av språkutviklinga hjå 4-åringar. Prosjektet er finansiert gjennom Kommunal- og regionaldepartementet, og er basert på ein modell utvikla i Grorud bydel. Prosjektet tek sikte på å utvikle det tverrfaglege samarbeidet mellom Pedagogisk og psykologisk teneste (PPT), barnehagane og helsestasjonane.</p>
--	---

<p>72.7 <i>Svangerskapsomsorgen</i> Ingen krav om rapportering</p>	<p>Fylkesmannen har gjennomført nettverksamling for helsepersonell i kommunane der ny rettleiar for svangerskapsomsorga var tema for legar, jordmødrer og helsesøstre den eine dagen.</p>
<p>72.8 <i>Kjønnslemlestelse</i></p>	
<p>72.9 <i>Tannhelse</i></p>	
<p>72.10 <i>Smittevern</i> Omtale av smittevernområdet i årsrapporten Kort rapport følgje hver fylkeskonferanse om smittevern (deltakelse, emner, behov for neste konferanse).</p>	<p>Helsetilsynet i Sogn og Fjordane si vurdering er at dei fleste kommunane i fylket er komme godt i gang med arbeidet med infeksjonskontrollprogrammet i løpet av 2005.</p> <p>Alle kommunane i Sogn og Fjordane med unntak av ein, har inngått avtale med Helse Førde om bistand og rådgjeving innan smittevern. I løpet av hausten 2006 skal alle kommunane ha gjennomført grunnopplæringa av personalet.</p> <p>Vi har hatt tett kontakt og godt samarbeid Helse Førde. I møter, telefonsamtalar og gjennom rapportar har vi fått fortløpande orientering om utviklinga i arbeidet med infeksjonskontrollprogrammet i kommunane. For å få best mogeleg innblikk i arbeidet, har vi i tillegg hatt oppfølging ute i kommunane. Vi har vore involverte i samband med utbrot av MRSA ved ein institusjon.</p> <p>Planar i 2006 Helsetilsynet i fylket har planar om å fortsette dialogen med Helse Førde. Utfordringa er å få kommunane til å etablere eit infeksjonskontrollprogram som vil fungere tilfredsstillande på lang sikt. Med dei opplysningane vi har i høve til arbeidet med infeksjonskontrollprogrammet vurderer vi at</p>

	<p>det ikkje er grunnlag for oppfølging med tilsyn i kommunane som har avtale med Helse Førde.</p> <p>Alle kommunane i fylket har smittevernplan. Helsetilsynet hadde i løpet av 2004/2005, 4 tilsyn i høve til helseteneste til flyktingar og asylsøkjjarar. I 2004 arrangerte Helsetilsynet i fylket smittevernkonferanse med fokus på tuberkuloseproblematikken. Her var det god deltaking. Vi vil vurdere å arrangere ein ny konferanse i løpet av 2006. Aktuelle tema er mellom anna pandemi og legionella.</p>
--	--

<p><i>72.11 Strålevern</i></p>	
<p>Resultatområde 73 Sosialteneste</p>	
<p><i>73.1 Lov om sosiale tjenester</i> Rapportering på gjennomførte aktiviteter i forhold til oppdraget</p>	<p>Fylkesmannen mottok 127 klagesaker etter lov og sosiale tenester og handsama 117 saker i 2005. I tillegg handsama vi 6 klager på eigenbetaling for opphald i sjukeheim. I 2004 mottok vi 91 saker og handsama 111. Tal klagesaker var i 2005 attende på same nivået som i 2003. Av dei 117 klagenes vart 85 stadfesta, 24 oppheva og sendt attende til ny handsaming, medan 8 vart omgjort. Råd, rettleiing og fortolking av lov og regelverk vert gitt til kommunane og privatpersonar. Fylkesmannen har nær kontakt med kommunane også gjennom fagleg fora og sosialleiersamlingar.</p>
<p><i>73.2 Rettssikkerhet ved bruk av tvang og makt overfor enkelte personer med psykisk utviklingshemming</i> Økonomirapport, jf. SHdirs fullmaktsbrev for 2005.</p>	<ul style="list-style-type: none"> • Det er gjennomført landsomfattande tilsyn i 3 kommunar der det til saman vart gitt 6 avvik. • Det er gjennomført 14 stadlege tilsyn • 20 vedtak er godkjent for 11 personar. • Vi har hatt 3 opplæringsdagar i kommunane om kap 4A, eitt i samarbeid med Vaksenhabiliteringa • Vi har vore medarrangør i konferanse om aldring hjå psykisk utviklingshemma • Vi har delteke på to nettverkssamlingar med fylkesmennene i Vest- og Midt-Noreg. • Vi har delteke på ei samling med Sosial- og helsedirektoratet • Ein person har delteke på revisjonsleiersamling
<p><i>73.3 Kompetanseutvikling og formidlingstiltak – generelt</i> Rapportere på status og</p>	<p>Rapportering på 73.3 og 73.4 må sjåast i samanheng. Vi har prøvd å utføre oppdraga i samsvar med krava. NAV har det utover informasjonsmøtet 22. august vore gjort lite med. Dette har hatt samanheng med lite konkrete signal frå sentrale myndigheiter. Arbeidssituasjonen i mange kommunar er slik at dei må prioritere hardt på kva informasjonstilbod dei kan delta på..</p>

utviklingstrekk.	
<p>73.4 Kompetanseutvikling i sosialtjenesten Gjennomgang av status og iverksatte tiltak</p>	<ul style="list-style-type: none"> • 4 Faglege forum a 8-10 deltakarar • Tverrfagleg rettleiarkonferanse ca. 90 deltakarar • "Rusfagleg forum" med ca. 80 deltakarar i april • "Endringsfokusert rådgjeving", to 3-dagarssamlingar med totalt ca. 50 deltakarar, fagansvar Bergensklinikkane. • 2 sosialeiarsamlingar ca 17 deltakarar på kvar samling - tema: internkontroll og fattigdomsproblematikk • 2 leiarnettverk for leiarar i helse- og sosialtenesta ca. 60 deltakarar – tema: sakshandsaming i tilsyns og klagesaksperspektiv, samarbeidsrutinar mellom 1. og 2. linjetenesta, vold og truslar og NAV • Råd og rettleiing generelt
<p>Resultatområde 74 Levekår</p>	
<p>74.1 St. meld. nr. 6 (2002-2003) Tiltaksplan mot fattigdom Bostedsløse: Halvårlig rapportering om embetets arbeid innen det boligsosiale arbeidet. Rapporten skal inneholde gjennomførte aktiviteter, type bistand til kommunene, vise til gode resultater kommunene har gjort og utfordringer kommunene står overfor. Økonomisk</p>	<ul style="list-style-type: none"> • 3 planleggingsmøter møter med Husbanken • 1 møte med KIF • 2 samlingar boligsosialt arbeid i Bergen saman med Rogaland/Hordaland/Sogn og Fj. • Begynnarkurs om Økonomisk rådgjeving ca 30 deltakarar • Tilskot til 3 kommunar – prosjekt om oppfølging/ettervernsarbeid • Råd og rettleiing generelt

<p>rådgivning: Halvårlig rapportering om embetets arbeid. Rapporten skal inneholde gjennomførte aktiviteter og type bistand til kommunene. Årsrapport: Rapportere på resultatkrav og iverksatte tiltak</p>	
<p>Resultatområde 75 Specialisthelseteneste</p>	
<p>75.1 Abortloven</p>	
<p>75.2 Sterilisering</p>	<p>Ingen saker</p>
<p>75.3 Lov om transplantasjon Rapportering: (antall saker)</p>	<p>Ingen saker</p>
<p>75.4 Fritak for forvaltningsmessig taushetsplikt Rapportering: (antall saker)</p>	<p>Det er handsama 7 saker om teieplikt etter lov om sosiale tenester og lov om barnevernstenester.</p>
<p>75.5 Tillatelse til å rekvirere sentralstimulerende legemidler Rapportering</p>	<p>Spesielle løyve: 80, av disse var 2 på indikasjonen narkolepsi. Generelle løyve: 19, av disse var 5 på indikasjonen narkolepsi/ADHD og resten på ADHD</p>
<p>75.6 Særfradrag Rapportering: (antall saker)</p>	<p>6 saker</p>
<p>75.7 Førerkortsaker Rapportering</p>	
<p>75.8 Pasientjournaler</p>	<p>Ingen saker</p>

Rapportering (antall saker)	
75.9 Beredskapslager Løpende rapportering om avviklede lager. Økonomirapport, jf. SHdirs fullmaktsbrev for 2005	Alle lager skal no vere avvikla
75.10 Ambulanser og utrykningskjøretøy	
75.11 Turnustjeneste Rapportering Økonomirapport, jf. SHdirs fullmaktsbrev for 2005	<p>Fylkesmannen har eit godt etablert program med grupperettleiing i kommunehelsetenesta. Sidan 2004 har vi i samarbeid med Helse Førde hatt eit pilotprosjekt med grupperettleiing i sjukehusturnus. Dette prosjektet har fått sær god tilbakemelding frå turnuslegane. Gjennom retteleiarane sine rapportar får Fylkesmannen verdifull innsikt og informasjon om turnustenesta som vi kan nytte i forbetningsarbeid i samarbeid med turnusstadane.</p> <p>Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet utvikla eit system for nettbasert tildeling av turnusstad i kommunehelsetenesta. Vi vil fortsette utviklingsarbeidet og lage eit system med oversikt over ledige plassar i kommunane</p> <p>Turnustenesta for fysioterapikandidatar vert administrert frå Hordaland, men Fylkesmannen i Sogn og Fjordane skaffar og godkjenner plassar i vårt fylke. I 2005 var det 6 godkjende plassar i kommunar og 6 på institusjonar.</p> <p>Fylkesmannen arrangerte kurs i offentleg helsearbeid for turnuskandidatar i medisin, fysioterapi og kiropraktikk både i Hordaland og i Sogn og Fjordane i april og i oktober 2005.</p>
75.12 Kosmetisk plastikkirurgiske inngrep	
75.13 Rett til trygderefusjon	
75.14 Godkjenning av private sykehus, privat medisinsk laboratorie- og røntgenvirksomhet og	

opptreningsinstitusjoner	
75.15 Funksjonsprogram for nye offentlige sykehusbygg	
Resultatområde 76 Utviklingsoppgåver	
76.1 Pleie- og omsorgstjenester	
76.1.1 Kvalitet i pleie- og omsorgstjenesten Rapportere hvilke informasjons-, kunnskaps- og implementeringstiltak som er gjennomført	Informasjon og rådgeving om nye rettleiarar til forskrift om individuell plan, kvalitetforskrifta og internkontroll er gjeve på nettverksamlingar, effektiviseringsnettverk og i samband med oppfølging av tilsyn med kommunale helse- og sosialtenester. For sosialleiarane har vi hatt eiga gjennomgang av "Hvordan holde orden i eget hus" Jamnleg tema i Fagleg forum for sakshandsamarar i sosialtenesta
76.1.2 Saksbehandling i helse- og sosialtjenesten Resultatkrav omtales i årsrapporten	Informasjon og rettleiing i høve sakshandsaming knytta til enkelte problemstillingar er lagt ut på fylkesmannen. no. Handsaming av klagesaker tema på Leiarnettverksamling.
76.1.3 Tjenester til eldre Fylkesmannen skal utarbeide halvårlege rapporter til Helse- og omsorgsdepartementet med oversikt over utviklingen, jf. eget brev fra HOD om rapporteringsoppdraget Rapportere om kartleggingsskjemaet for utredning av demens er tatt i bruk.	Nytt kartleggingsskjema for utgreiing av demens er kome på slutten av året. Fylkesmannen vil informere om og gje opplæring i bruk av verktøyet i 2006.

<p>76.1.4 Unge personer med nedsatt funksjonsevne i alders- og sykehjem Resultatkrav omtales i årsrapporten.</p>	<p>Gjennomført oppdraget frå Sosial- og helsedirektoratet og rapport sendt. Fylkesmannen hadde møte med brukar, pårørande og/eller hjelpeverje for 4 personar. 3 personar hadde alt flytta ut av sjukeheim.</p>
<p>76.1.5 IPLOS – Individbasert pleie- og omsorgsstatistikk Rapportering (ingen rapportering)</p>	
<p>76.2 Psykisk helse</p>	
<p>76.2.1 Tvungen undersøkelse</p>	<p>Ingen</p>
<p>76.2.2 Behandling uten eget samtykke</p>	<p>23, av desse fekk 3 heilt eller delvis medhald i klagen</p>
<p>76.2.3 Privat forpleining i det psykisk helsevernet</p>	
<p>76.2.4 Godkjenning av psykiatriske institusjoner</p>	
<p>76.2.5 Vedtak om overføring</p>	
<p>76.2.6 Forpleining, kontroll og tilsyn med psykiatriske pasienter Rapportering Økonomirapport, jf. SHdirs fullmaktsbrev for 2005</p>	
<p>76.2.7 Opptrappingsplan for psykisk helse Økonomirapport, jf. SHdirs fullmaktsbrev for 2005</p>	

Særskilt rapportering fra kommunene for 2004 og planlagt disponering av tilskudd for 2005 jf. Rundskriv IS 24/2004	
76.3 Rusområdet	
76.3.1 Alkoholloven Økonomirapport, jf. SHdirs fullmaktsbrev for 2005. Egen rapportering etter utarbeidet mal.	<ul style="list-style-type: none"> • 1 kurs for kommunane i fylket med ca. 23 deltakarar • Fylkesmannen behandla 1 klagesak i 2005
76.3.2 Rusmiddelarbeid Resultatkravene omtales i årsrapporten	<ul style="list-style-type: none"> • Arrangert Rusfagleg forum ca. 105 deltakarar – tema: Rusmidlar og tegn på rusmisbruk i ungdomsgruppa, rusbruk i sosiokulturell forståing, effektive tiltak og kartlegging i høve individuell plan • Systemrevisjon i ein kommune • 2 samlingar metodeopplæring "endringsfokusert rådgjeving" ca. 65 deltakarar totalt • Møtt i Samarbeidsrådet for Stiftelsen Bergensklinikkene • Råd og rettleiing generelt innafor området
76.4 Habilitering og rehabilitering	
76.4.1 Koordinering og samhandling Rapportering Omtales i årsrapporten	Her har vi ikkje noko å melde.
76.4.2 St. meld. nr. 40 (2002-2003) Nedbygging av funksjonshemmende barrierer	

Resultatområde 77 Kvalitet og samhandling	
77.1 Samarbeid mellom 1. og 2. linjetjenesten Resultatkrav omtales i årsrapporten	I november var tema "Samarbeid mellom 1. og 2.linjetenesta på rusområdet" tema på nettverksamling for helse- og sosialeiarar, legar, jordmødrer og helsesøstrer saman med Helse Førde. Helse Førde har ein årleg samhandlingskonferanse med kommunane der Fylkesmannen er med. Det er også eit koordineringsråd med møte 2-3 gonger årleg der samhandlingsspørsmål vert tekne opp. Deltakarar: representantar for Helse Førde, kommunane og Fylkesmannen.
77.2 Ny arbeids- og velferdsforvaltning (NAV) Orienterer om arbeidet i årsrapporten	Gjennomførte informasjonsmøte etter oppdrag frå Sosial- og helsedirektoratet informasjonsmøte for kommunane om NAV 22. august. Fylkestyrgdekontoret og aetat arrangerte "bli kjent" møte for alle kommunane, trygde- og aetat. Etablert Fylkesforum NAV interim med deltaking frå KS, Trygdeetat, Aetat og Fylkesmannen.
77.3 Individuell plan Orienterer om arbeidet i årsrapporten	Individuellplan har vore gjenstand for 2 tilsyn med Psykiatrisk klinikk i Førde og Nordfjord Distriktskykiatriske senter.
77.4 Nasjonal strategi for kvalitetsforbedring i sosial- og helsetjenesten Arbeidet omtales i årsrapporten	Fylkesmannen har arrangert årlege nettverksamlingar for leiarar i helse- og sosialtenesta med ulike tema som lekk i kvalitetsutviklingsarbeidet. Samlingane er lagt opp med gruppearbeid og erfaringsutveksling. Fylkesmannen har gjennomført forbetningsprosjekt for tilsette på legekantor og planlagt modulbasert forbetningsprosjekt for helse- og sosialtenesta med tema "å ta brukaren på alvor". Prosjektet vil gå over to år med utsett oppstart i 2006.
77.5 Rekruttering for bedre kvalitet - rekrutteringsplanen for helse- og sosialpersonell	

<p>Økonomirapport, jf. SHdirs fullmaktsbrev for 2005. Særskilt rapportering – hanspha@online.no - innen 1.4.2005.</p>	
<p>77.6 Sosial- og helsemessig beredskap</p>	<p>Alle kommunane i fylket med unntak av 2 har ferdige beredskapsplanar for helse- og sosialtenesta. Dei to kommunane som ikkje er ferdige, er godt i gong med arbeidet og vi har fått melding om at planane vil vere ferdig i byrjinga av 2006.</p> <p>Når det gjeld oppfølging av innhaldet i planverket, har vi hatt eit samarbeid med beredskapsseksjonen hjå Fylkesmannen. Fem kommunar har gjennomgått ei øving der scenarioet var brann og evakuering av sjukeheim. Gjennom ei slik øving får kommunane aktiv brukt og testa både planverket og kriseleiinga. Førehandsinnspelte TV og radioinnslag har vore med på å gjere øvinga realistisk. Sentrale øvingstema har vore: Varsling, leiing, informasjon og ivaretaking av publikum/pårørande og handtering av media.</p> <p>Våre erfaringane og tilbakemeldingane frå kommunane har vore særst gode. Fylkesmannen og kommunane sjølve har fått ei felles forståing for styrkar og forbedringsområde i planverket. Etter ei slik øving har kommunane eit anna utgangspunkt og motivasjon for sjølve å ta tak i det som må betrast i planane enn om manglar vart påpeikte i ein rein gjennomgang av planverket. Øvingane i år har synt at kommunane har gode planar, og det har berre vore behov for mindre justeringar. Vi vil i 2006 fortsette og vidareutvikle dette øvingskonseptet i samarbeid med Fylkesmannen sin beredskapsseksjon.</p>

Barne- og familiedepartementet	
Resultatområde 42 Familierett	
42.2 Anerkjennelselova Antall saker rapporteres fra Ephorte	
42.3 Barnelova Antall saker rapporteres fra Ephorte	Ingen saker i 2005
42.1 Familierett – Mekling og meklingsinstitutt Aktivitetsrapport for hele året. Meklingsstatistikk rapporteres direkte til SSB	Fylkesmannen har arrangert 3 faglege samlingar for meklarane i 2005
Resultatområde 43 Incestsentre	
Resultatområde 44 Familievern	Det er gjennomført tilsyn med alle familiekontora i fylket.
Resultatområde 45 Barnevern	
45.1 Tilsyn med barneverninstitu-sjonar og	

<p>oppfølging av den kommunale barneverntenesta Aktivitetene på barnevernområdet gis i halvårsrapportene 25. januar og 20. juli Årsrapport om tilsyn med oversikt over antall utøvde tilsyn i private og offentlige institusjoner og barneverntjenesten i kommunene, samt behandling av antall klagesaker til BFD innen 15.2.</p>	<p>Rapportert i eigen årsmelding til Barne- og likestillingsdepartementet 18.01.06. Alle institusjonane har hatt tilsyn i samsvar med lovkrava og måloppnåinga er på 110 %. Det har vore systemrevisjonar ved alle institusjonane. Det vart gitt 1 avvik og 1 merknad.</p> <p>Det vart utført tilsyn som systemrevisjon i 4 kommunar. Her vart det gitt 8 avvik.</p>
<p>45.2 Fritak for teieplikt Rapportering:Antall behandlede søknader rapporters fra Ephorte</p>	<p>Sjå rapportering på 75.4. Totalt handsama 7 saker om fritak for teieplikt</p>
<p>45.3 Kompetanse/retteiing Rapportere bruk av budsjettmidler for 2005 på kap./post 854.21 til informasjonsvirksomhet fra BFD innen 1.3.2006 i årsrapporten</p>	<p>Fylkesmannen har hatt to 2-dagar fagsamlingar for tilsette i barneverntenesta og i tillegg vore medarrangør saman med fagteamet BUF-etat om Fylkessamling.</p> <p>Eigen rapport sendt BLD</p>
<p>45.4 Bosetting av mindreårige asylsøkere og flyktninger i kommunene</p>	<p>Det har ikkje vore slike saker i 2005</p>

<p>45.5 Biologisk opphav Rapportering:</p>	<p>Fylkesmannen har handsama 15 saker i 2005.</p>
<p>Resultatområde 47 Gjeldsrådgjeving Rapport om aktivitetene på fagområdet (kurs, samlinger m.v.) gis i fylkesmannens ordinære årsrapport</p>	<p>Gjennomført grunnkurs i økonomisk rådgjeving og gjeldsrådgjeving for sakshandsamarar i sosialtenesta etter Sosial- og helsedirektoratet sitt opplegg. 31 deltakarar frå 15 kommunar.</p>